



Drøymeprosjektet

– Eg ville ikkje at skivinga skulle gå over, eg har ikkje sett fram mot å setja punktum, seier Morten Søberg. Han har leita etter nynorskens indre ljós.

SIDE 12–13



Historie på nett

Mykje av stoffet i den nynorske litteraturhistoria blir fritt tilgjengeleg på nett. – Viktig, seier Allkunne-redaktør Per Magnus Finanger Sandsmark.

SIDE 14–15



Målfylket

– Det var utruleg kjekt å få vera med på dette, seier Aud Karin Oen, som fekk Hordaland fylkeskommune til å stramma opp målbruken.

SIDE 8–9

Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 4
september 2018

Klår tale

– Eg er ærleg. Eg seier det som det er, også når det gjeld studentane. Eg prøver ikkje å lura redaksjonane til å tilsetja folk eg ikkje synest har noko i journalistikken å gjera, seier Magni Øvrebotten, leiar ved NRK Nynorsk mediesenter.

SIDE 16–19



Omstilling

NT I dag er omstilling blitt det same som å skjera ned og effektivisera. For dei som eig verksemdar, er det lett å sjå motivet. Og det er like lett å sjå kvifor arbeidstakarar fort kan bli nervøse av slikt snakk.

Eit samfunn vil heile tida utvikla seg. Omstilling må til også her, og akkurat no har me ei regjering som er særleg oppteken av dette. Om me vel å sjå på styresmaktene som arbeidsgjevaren og nynorsken som ein arbeidstakar, er det lett å trekkja parallellar.

NT Kommunesamanslåingar, nye regionar, ein digital skulekvardag og stadige skulesamanslåingar. I alle desse prosessane er det ikkje gitt at det er rom for nynorsken. I nokre omstillingsprosessar styrkjer derimot nynorsken seg, nesten av seg sjølv. Då Schibsted starta å trykkja artiklar frå *Bergens Tidende* i *Aftenposten*, så hadde ikkje sistnemnde noko anna val enn å opna opp for nynorsk. Men det er unntaket. Som oftast står nynorsk eit stykke frå toppen når det gjeld viktige ting å ta med seg vidare.

NT Det blir eit spørsmål om nynorsken er omstillingsdyktig, som eg har lært at det heiter. Akkurat som ein arbeidstakar i ei verksemd som skal effektivisera, så må han vera open for endringar og syna fram kvalitetane sine.

Det finst lister med råd til arbeidstakarar som er midt i ei slik prosess. «Som arbeidstakar har du plikt til å medverka. Set deg inn i lov- og avtaleverk, ta kontakt med verneombod og fagforeiningstillitsvalde».

NT Skal me sjå. Kven kan seiast å vera fagforeininga til nynorsken?

KJARTAN HELLEVE

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 OSLO


Redaktør: Kjartan Helleve,
kjartan.helleve@nm.no,
tlf. 23 00 29 32

I redaksjonen:
Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun, Språksmia AS
smia@spraksmia.no



Kunnskapsløftet 2.0 må ikkje

UTDANNINGS-STYRESMAKTENE I NOREG går nå inn i dei siste rundane med å fornye læreplanverket «Kunnskapsløftet». Om berre to år skal dei nye læreplanane bli tatt i bruk i skulen. I målsettinga heiter det at dei skal endrast slik at dei blir meir relevante for framtida. Faga skal få meir relevant innhald, meir tydelege prioriteringar, og samanhengen mellom faga skal bli betre. Elevane skal lære meir i djupna, og dei skal få auka «forståelse». Verdigrunnlag skal løftast fram, og elevane skal blant anna jobbe tverrfagleg «med demokrati og medborgerskap, bærekraftig utvikling og folkehelse og livsmestring».

Ordvalet frå Utdanningsdirektoratet viser ingen mangel på høge tankar. Dei høge ambisjonane blei først uttrykte i den overordna delen av den nye læreplanen våren 2017. Førsteutkastet var såpass overordna at orda «nynorsk» og «bokmål» ikkje var nemnde. Etter høringsfråsegn frå blant andre Noregs Mållag, så står det i den ferdige utgåva at «Norsk omfatter de likestilte skriftspråkene bokmål og nynorsk.»

SKULEÅRET 2017–18 UTARBEIDDE så direktoratet det som blir kalla «kjerneelement» i faga. Dei er det viktigaste og mest sentrale elevane skal lære i kvart fag. I norsk blei desse kjerneelementa «tekst i kontekst», «kritisk tilnærming til tekst», «munnleg kommunikasjon», «skriftleg tekstskaping», «språket som system og mogelegheit» og «språkleg mangfald».

Som ein ser, så er resultatet framleis veldig overordna og lite konkret. For å hjelpe på problemet laga direktoratet eit utkast til korleis dei konkrete kompetansemåla på dei ulike trinna vil sjå ut om ein altså tar både *verdigrunnlag*, *overordna del*

NT LEIARTEIGEN



MAGNE AASBRENN
Leiar i Noregs Mållag

og *kjerneelement* ned til eit klasserom og byrjar å undervise klasse 8A med alt dette i bagasjen.


DA OPPDAGAR EIN at det som blei lansert som eit kunnskapsløft, i praksis blir å flytte kunnskapar til løftet.

Grammatikk og formverk er i stor grad vraka. Formverk er nemnt for 1.– 7. klasse i barneskulen, mens det er borte vekk i høgare trinn. Dette er underleg. Formverk og grammatikk-kunnskap er vesentleg heilt til VG3. Skal ein meiste skriving, må ein sjølvsgatt ha ein reiskap til å analysere språk med.

Ein held seg på overflata, men kallar det «dybdelæring».

DENNE HAUSTEN GÅR arbeidet med å skrive den nye norsk-læreplanen frå utkast til ekte læreplan. Da er det viktig at det nye læreplanverket tar særskilde omsyn til situasjonen for elevar med nynorsk hovudmål. Det er annleis å få opplæring i eit mindre brukt språk enn i det mest brukte språket. Derfor må ein i større grad legge den konkrete undervisninga til rette for dei elevane som skriv eit mindre brukt språk.

Fleire undersøkingar tyder på at mange



Teikning: Kjartan Helleve

sende kunnskapane på loftet

nynorskelevar ikkje får ei opplæring som gjer dei språkleg trygge. Nynorskelevar treng å møte meir nynorsk i norskfaget og skulen generelt. Dei treng ei språk- og skriveopplæring som tar utgangspunkt i nynorsk, ikkje bokmål. Dei treng kunnskapar og praktiske grep for å hanskast med mindretalsutfordringar, og dei har bruk for støtte og anerkjenning for at språket deira er verdifullt. Desse fire punkta er grunnsteinar i ei språkopplæring som tar betre vare på nynorskelevane.

UTARBEIDINGA AV NY læreplan heng sjølvstendig også saman med det framtidige karaktersystemet i norsk. Sidan 2013 har forskingsinstituttet NIFU arbeidd med eit karakterforsøk på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. Forsøket har omfatta 184 vidaregåande skular og 25 ungdomsskular. Her blei halvårskarakterane i hovud- og sidemål slått saman. Lærarane melde at denne ordninga gav dei tid til å gi meir skriveopplæring til elevane. Konklusjonen etter fem år er likevel at det blei null skilnad på slutt-karakteren til elevane som var med i forsøket, og dei som ikkje var med.

NÅR ORDNINGA MED samanslåtte karakterar ikkje har nokon effekt på læringa til elevane, er det vanskeleg å finne argument for å endre den eksisterande ordninga. Det mest utsette språket – nynorsken – får vern, tyngd og seriøsitet ved at både hovudmål og sidemål er eigne karakterfag to gonger i året både i dei siste åra på ungdomsskulen og i vidaregåande.

Å slå saman norsk-karakterane undervegs i skuleløpet kan bli første trinn i retning av å innføre ein felles norsk-karakter til slutt og fjerning av eigen eksamen i sidemål. Her må målrørsla vera vaken.

Den norske, språklege jamstillinga bygger på prinsippet om at ein stiller krav til kompetanse i både nynorsk og bokmål hos dei som blir uteksaminerte frå studieførebuande undervisning. Derfor må elevane få eigne karakterar i hovud- og sidemål, både standpunkt og eksamen.

DET BLIR EIN utfordrande haust. Læreplannemnda til Noregs Mållag skal møte leinga i læreplannemnda til Utdanningsdirektoratet.

Vi lovar å gjera vårt beste for at omsynet til nynorsken blir eit ekte kjerneelement i denne prosessen.

Den norske, språklege jamstillinga bygger på prinsippet om at ein stiller krav til kompetanse i både nynorsk og bokmål.

– Fornyinga av bibelspråket kjem frå nynorsk.

Elsbeth Sørensen til Dagen

– Det var faktisk merkelig i månedsvis. Det henger nok sammen med at jeg i over 20 år har sunget sanger på dialekt.

Frank «Tønes» Tønnesen til Dalane Tidende om å skrive bok på bokmål.

–Men når det er sagt, så hadde jeg nok skrevet boka på nynorsk hvis vi hadde hatt det som hovedmål på skolen.

Same Tønnesen

– Nynorsk er faktisk ein del av løysinga, ikkje problemet.

Lesarinnlegg frå Hemsedal Mållag i Hallingdølen

– Nynorsk har undertegnede aldri identifisert seg med, og er i dag forundret over hvor lite harmdirrende innlegg der er om overkjøringen som har foregått fra nynorsken sin side.

Nils S. Breivik med lesarinnlegg i Sunnmørsposten

– Så er det de som ikke tåler nynorsk. Ja, det er mye som kan sies om språket, men verd å huske, som du sier, at det er vår felles kulturskatt!

Brita i Allers svarar på eit innlegg

«Men først blir Renberg opptatt med årets Kapittel-festival, som starter onsdag 19. september. Der skal han både holde åpningsforedraget om sitt forhold til nynorsk, og argumentere for at Stavanger bør bli nynorsk-kommune, samt intervju Tønes om sangtekstene hans under vignetten Lokale identiteter.»

Stavanger Aftenblad

«VR tyder «virtual reality», altså virtuell røyndom som det heiter på godt nynorsk.»

Hardanger Folkeblad

– Det er noe med kraften i nynorsk som gjør det så godt egnet til rock. Man får lyst til å klatre opp på nærmeste fjelltopp, rive av seg klærne og bare brøle mot månen til stemmebåndene slintrer rundt i halsen som morkne syltestriker.

Tom Ostad i Moss Avis

– Høgre har også på sikker plass teke med personar som hatar nynorsk. Skal ikkje dei som sit i kommunestyret representera oss alle?

Åsabu med innspel i BA

«Kvar morgon på barneskulen vart alle samla for å synge ein song. Det kunne vere salmar med budskap om fred i verda og å ta vare på dei som er svake. Eller så hadde lærarane omsett Grand Prix-songar som var i vinden. Til nynorsk.

– Tyskland hadde vunne med «Ein bisschen Frieden». Og det vart sjølvstalt til «litt meir fridom, litt meir kjærleik.»

Kari Helene Partapuoli til Vårt Land



SKAL HOPPA ETTER KIHLE: – Ei veldig spennande utfordring, seier Peder Lofnes Hauge. Foto: Gro Morken Endresen

Ny nestleiar

Peder Lofnes Hauge er vald til ny nestleiar av styret i Noregs Mållag.

JENS KIHLE GÅR av som nestleiar fordi han har vorte tilsett som politisk kommentator i *Bergens Tidende*.

– Dette er ei veldig spennande utfordring. Mållaget har styrkt seg dei siste åra og er ein organisasjon i vekst. Vi vinn små og store sigar kvar dag, og eg opplever at nynorsken har vind i segla, seier Peder Lofnes Hauge, påtroppande nestleiar i Noregs Mållag.

Peder Lofnes Hauge arbeider som politisk rådgjevar for sosialbyrå Erlend Horn (V) i Bergen kommune. Han er 29 år og kjem frå Gloppen i Sogn og Fjordane.

– Noregs Mållag er fagforeininga til nynorsken. Eg gler meg til å vere nestleiar i ein organisasjon som arbeider for at alle fritt skal kunne bruke dialekta si og

skrive nynorsk. Vi skal fremje nynorsk på alle område i samfunnet, og i åra som kjem vil vi særleg prioritere skule, språkteknologi og kommune- og regionreforma, seier Peder Lofnes Hauge.

– Vi skal halde fram med å halde både lokale og nasjonale styresmakter i øyra, men også hjelpe dei til å styrkje nynorsken og vareta nynorskbrukarane sine rettar, slår Peder Lofnes Hauge fast.

Regjeringserklæringa gjev ikkje rom for å svekke nynorsken, men tvert om styrkje han. For Noregs Mållag vert det viktig å halde fram arbeidet inn mot regjeringa. Det er fleire saker som peikar seg ut, som til dømes ny språklov og arbeidet med nye læreplanar i norskfaget.

– Jens Kihle har vore ein stor kapasitet for oss med djup politisk og taktisk innsikt. Heldigvis får Noregs Mållag ein ny nestleiar med mange av dei same eigenskapane, seier Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag.


HEGE LOTHE

Hauge-stipend til Erlend O. Nødtvedt

Den unge poeten **Erlend O. Nødtvedt** frå Bergen fekk æra av å vere den første som får det nyetablerte Olav H. Hauge-stipendet på 150.000 kroner. Utdelinga skjedde under Ulvik poesifestival.

Erlend O. Nødtvedt (f. 1984) får stipendet for å ha fornya det lyriske språket samstundes som han løftar fram fleire litterære uttrykk og tradisjonar.

– Eg er utruleg stolt og glad for å få dette stipendet. Det er eit fantastisk initiativ å opprette ein pris som fokuserer på poesien – som ofte kjem i skuggen av prosaen. Og å få eit så stort stipend gir meg eit løft og tid til å skrive meir. 150.000 kroner er ein stor sum i økonomien til ein poet, sa Nødtvedt til Nynorsk pressekontor. (NPK)



SAMDE: Nynorskelevane må bli omslutta av nynorsk i den digitale skulekvardagen, meiner

Krev digital lær

Retten til nynorske digitale læremiddel må sikrast, meiner **Utdanningsforbundet** og **Noregs Mållag**.

– **STYRESMAKTENE MÅ** sikre at nynorskelevane får oppfylt den lovfesta retten til digitale læremiddel på nynorsk, seier Steffen Handal, leiar i Utdanningsforbundet og Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag.

Organisasjonane er nøgde med at Kunnskapsdepartementet slår tydeleg fast at både bokmål og nynorsk skal med når det no blir løyvd 55 millionar ekstra til digitale læremiddel. Likevel er det fleire tiltak som må til.

Skuleelevar med nynorsk som hovudmål har ein lovfesta rett til å få både trykte og digitale læremiddel på nynorsk. Opplæringslova slår fast at alle læremiddel skal komme på nynorsk og bokmål til same pris

FAKTA

Noregs Mållag og Utdanningsforbundet ønsker at:

- Kunnskapsdepartementet opprettar ein eigen læringsdelportal med eit oversyn over digitale læremiddel som er produserte både på bokmål og nynorsk.
- Det også i framtida blir sikra midlar til å utvikle digitale læremiddel på nynorsk, med same krav som i 2018-løyvinga, nemleg at dei som får pengar frå utviklingspotten til Kunnskapsdepartementet, må utvikle læremiddelet på baa målformer.
- Kontorstøtteprogram (til dømes tekstbehandlingsprogram) som blir brukte i skulen, bør bli omfatta av dei same krava som læremiddel.



Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag, og Steffen Handal, leiar i Utdanningsforbundet.

Foto: Eli Kristine Korsmo

ing på nynorsk

og same tid. Skulane skal ikkje nytte læremiddel som ikkje er på båe språk.

No er digitale læremiddel på full fart inn i norske klasserom. Tilgangen på læremiddel er stor, og norske lærarar kan velje mellom mange gode verktøy for å gjere opplæringa betre og meir spennande.

– Problemet er at mange av desse læremidla berre er tilgjengelege på bokmål. Skal nynorskelevane bli trygge språkbrukarar, må dei framleis bli omslutta av nynorsk i skulekvardagen. Derfor må dei ha tilgang til læremiddel på nynorsk, seier Steffen Handal.

Det er likevel eit skilje mellom læremiddel og læringsressursar. Det må til dømes vere lov for lærarar å bruke oppslagsverk og dagsaktuelle pressestoff utan at det blir råka av lova.

– Men når læremiddelprodusentane sjølv lagar og vil selje inn læremidla til skulane som læremiddel, må dei produkta vere lovlege og altså ligge føre både på nynorsk og bokmål, seier Magne Aasbrenn.

– Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet må ta overordna ansvar for at nynorskelevane i den framtidige digitale skulekvardagen skal ha den same retten til god opplæring på sitt hovudmål som bokmålskelevane har, krev Utdanningsforbundet og Noregs Mållag.

HEGE LOTHE
hege.lothe@nm.no

Skal nynorskelevane bli trygge språkbrukarar, må dei framleis bli omslutta av nynorsk i skulekvardagen.

Steffen Handal,
leiar i Utdanningsforbundet

Rekord for Litteraturdagane i Vinje

OVER 2100 GJESTER besøkte Litteraturdagane i Vinje i august. Det er publikumsrekord for festivalen i Telemark.

– Vi var spente på korleis publikum ville ta imot eit program med godt etablerte programpostar og mange nye innslag, og responsen overveldar oss, seier dagleg leiar Kristian W. Rantala i Vinje-senteret i ei pressemelding.

Litteraturdagane i Vinje kan vise til 2.139 gjester på 31 arrangement. Det er 1.000 fleire enn året før.

Ein tredel av programma handla om 200-årsjubilanten Aasmund Olavsson Vinje. Foredragshaldarar frå Edinburgh, London

og Oslo kom til Vinje med siste nytt om jubilaranten.

Litteraturfestivalen i Telemark er arrangert årleg sidan 2001. Frå 2018 er han eigd og driven av Nynorsk kultursentrum som ein del av Vinje-senteret. Rantala takkar medarbeidarar og frivillige for festivalsuksessen i år.

– Litteraturdagane er ein av dei mest desentraliserte festivalane i landet, og då kjem ein ingen veg utan mange gode hjelparar. Det vi gjorde no, kunne vi berre få til fordi mange har gjort eit godt arbeid med å utvikle festivalen for oss, seier Rantala i Vinje-senteret. (NPK)



GODT BESØK: Publikum på avslutninga av Litteraturdagane i Vinje.

Foto: Sunniva Lund Osdal / Nynorsk kultursentrum

Vinje-fondet tar tenkjepause

Søknadsbunken til Vinje-fondet var i år så tynn at styret i Nynorsk kultursentrum har valt å droppe tildelinga denne gongen.

– Det er ingen dramatik i dette, men søknadene var færre enn tidlegare, og fleire av dei var i grenselandet for støtteordninga. Styret er opptatt av å ha eit best mogleg søknadsgrunnlag, og derfor tok vi kontakt med departementet for eventuelt å flytte tildelinga til neste år, seier direktør **Ottar Grepstad** i Nynorsk kultursentrum.

Kulturdepartementet har no god-

kjent at tildelinga i år blir overført til 2019. Føresetnaden er at pengane går til det same føremålet.

Det kan òg hende at det blir justerte tildelingskriterium. Nynorsk kultursentrum har nemleg bede Kulturdepartementet om eit møte for å drøfte forbetringar i støtteordninga.

– Vi har hatt jamleg kontakt med Kulturdepartementet om ordninga undervegs, men har ikkje diskutert henne sidan ho vart oppretta. No har det gått åtte-ni år, og det kan vere lurt å gjere opp status, seier Ottar Grepstad. (NPK)

– Strøyme-TV bør få nynorsk teksting

Strøymekanalanane på TV, som Netflix og HBO, må tilby nynorsk teksting meiner Noregs Mållag.

Utspelet kjem etter at det er blitt kjent at HBO Nordic arbeider med å lansere **Elena Ferrante**-serien *Mi briljante venninne* som filmversjon. Bokserien er i Noreg gitt ut på nynorsk og har hatt stor suksess. Mållaget meiner derfor at det er naturleg at filmen blir teksta på nynorsk her i landet.

– Når Elena Ferrantes *Mi bril-*

jante venninne no snart kjem i filma versjon i strøyme-TV, bør kanalen HBO sørgje for at det blir med nynorske undertekstar, seier Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag, i ei pressemelding.

NRK viser stadig filmar som er teksta på nynorsk, men i strøymekanalanane er slik teksting fråverande.

Noregs Mållag har kontakta HBO om dette og håpar kanalen ser at dei har eit marknadsførings-skip framfor nasen her. (NPK)

– Målet er å bli meir synleg, få fleire medlemer og soleis få fleire innspel på kva me skal arbeida med, seier **Olav Helge Øwre**, leiar i Lærarmållaget.

Lærarmållaget rører på seg

LÆRARMÅLLAGET SLIT MED dei same utfordringane som dei fleste andre yrkesmållag; medlemene er spreidde over heile landet og dei er yrkesaktive med avgrensa fritid. No ynskjer Øwre å vri dette til noko positivt.

– Det er avgrensa kva me kan gjera. Styremedlemene sit i Oslo og i Finnmark, så berre det å ha eit styremøte kan vera ei utfordring. Men nett dette at me har medlemer og ikkje minst potensielle medlemer

overalt, gjer at me i større grad er til stades der ting skjer. Er det eit spørsmål om korleis det står til i lærarutdanninga? Ja vel, så spør me medlemene våre der. Skal det vera ei skulemålsrøysting? Ja vel, så spør me lærarane ved dei aktuelle skulane om kva situasjonen er.

– *Men har de så mange medlemer at det er mogleg?*

– Me er over hundre medlemer no, men eg er ganske sikker på at det er råd å bli fleire. Me har ikkje

vore flinke nok til å syna oss fram, og mange veit ikkje at me finst eller at det er råd å vera med i fleire lokallag samstundes. Eg skal jo ikkje seia det sikkert, men eg er ganske viss på at det er fleire enn hundre lærarar mellom medlemene i mållaget, seier Øwre, som sjølv er lærar ved Groruddalen skole i Oslo.

Skulen er eit av dei viktigaste arbeidsområda Mållaget har, både sentralt og lokalt. Om ein også inkluderer arbeidet med vaksne innvandrarar og barnehage, så blir det allereie mykje med desse felta. Øwre seier at dei har ingen ambisjonar om å overta dette arbeidet.

– Førebels er me eit lite lokallag og er ikkje i nærleiken av å kunna ta på oss slikt arbeid. Det er heller ikkje målet. Vår styrke er at me faktisk arbeider i skulen, og kan seia mykje om korleis kvardagen er. Me skal vera ein ressurs, eit tillegg, nokon å spela på. Me har sendt inn eit høyringssvar til arbeidet med

den nye læreplanen i norsk, men me vil helst vera til stades på lærarrommet, seier Øwre.

Han trekkjer fram fagdagar og motivasjonskurs som døme på kva laget kan arbeida med, men har også trua på at det vil vera ein styrke for lærarar å samlast i ein kombinasjon av fag og målsak.

Vår styrke er at me faktisk arbeider i skulen, og kan seia mykje om korleis kvardagen er.

Læreplannemnda i



NEMND I ARBEID: (F.v.) Gudrun Kløve Juuhl, Nina Berge Rudi, Eline Bjørke og Magne Aasbrenn. Foto: Per Henning Arntsen

I VÅR OPPNEMNDE styret i Noregs Mållag ei eiga nemnd for arbeidet med dei nye læreplanane, og arbeidet er kome godt i gang.

Det er eit veldig felt dei skal inn i, og dette skal gjerast parallelt med det arbeidet Utdanningsdirektoratet held på med. I fjor starta direktoratet jakta på såkalla kjerneelement, det som elevane skal læra i kvart fag. Dette skuleåret skal sjølve læreplanane utviklast, og skal etter planen vera ferdige ein gong til neste år. Målet er at dei skal takast i bruk frå hausten 2020.

I nemnda sit Gudrun Kløve Juuhl (leiar), Nina Berge Rudi, Eline Bjørke og Magne Aasbrenn. Nemnda skal i all hovudsak konsentrera seg om læreplanen i norsk, og det avgjerande spørsmålet blir: Korleis tek han vare på nynorskelevane.

– Nemnda meiner det er viktig å syna at opplæringa er grunnleg-

gjande ulik for elevar med bokmål som hovudmål og dei som har nynorsk som hovudmål, fortel Gudrun Kløve Juuhl.

– Mållaget har alt gjort mykje arbeid knytt til sidemålsordninga, så her har me ikkje like mykje bruk for å utvikla ny politikk. Når det gjeld nynorskelevane, er det meir som ikkje er tenkt og gjort i førre runde. Fleire undersøkingar tyder på at mange nynorskelevar ikkje får ei opplæring som gjer dei språkleg trygge, seier Juuhl.

Ho syner til fleire undersøkingar der nett denne manglande meisterringa av skriftspråket og manglande oppleving av at nynorsk passar eller kjennest naturleg i ulike situasjonar, fort kan føra til språkskifte.

Treng språkleg sjølvttillit

Nemnda meiner at det er viktig å seia at skulen har eit ansvar for å gje nynorskelevane ei språkopp-



GURO KVALNES
Leiar i Kringkastingsringen

Lovleg bra, NRK!

ETTER EIN TRAURIG vår med grimme tal for nynorsk på nett i NRK, var det gledeleg å sjå dei første episodane av den nye dramaserien *Lovleg*. Serien utspeler seg på Sandane i Sogn og Fjordane og følgjer oppturar og nedturar i livet til Gunnhild som går i 1. klasse på Firda vgs. Med eit publiseringsunivers som ligg tett opp til storebror *Skam*, med messenger-meldingar og fiktive instagramprofilar som ein kan følgje, var det mange språklege fallgruver.

DÅ EG FØRST hørte om serien, som vart presentert som ein vestlandsk versjon av *Skam*, kjente eg det sokk i mageregionen. Her var det mykje som kunne gå galne vegen. Det er noko med å leggje lista så høgt, fallhøgda blir desto større. Men heldigvis er *Lovleg* eit univers på eiga hand, med sin eigen estetikk og spelestil. Der *Skam* var seriøst og tenderte til det inderlege, så er det meir komikk i *Lovleg*. Og heldigvis så har serieskaparane og NRK sytt for at alt av tekstmeldingar og metatekst knytt til serien, anten er på dialekt eller nynorsk! Eg kunne trekkje eit letta sukk i godstolen. For dette er lovleg bra, NRK!

OG DET ER gledeleg å kunne fram- snakke ei satsing frå allmennkringkastaren for ein gongs skuld. For all den tid me i Kringkastingsringen nyttar til å "reagere" og "rase" frå oss om dårlege tal for nynorsk på nrk.no, om sjølvsmål med teksting på bokmål i *Heimebane* og få nynorskbrukande leiarar i NRK, så er me opptekne av ein sterk allmennkringkastar. NRK er fyrst og fremst vårt, og det er jo difor me er så opptekne av at dei fyller det samfunnsoppdraget dei er sette til å utføre.

OG FOR ÅRA som kjem, så trur me i Kringkastingsringen at det kjem til å bli stadig viktigare for NRK å spele ut mangfaldskortet sitt for å markere seg i møte med dei kommersielle aktørane. Rapporten *NRK og mediemangfold* som Medietilsynet leverte i vår, synte at NRK bidreg positivt til mediemangfaldet i Noreg. Kringkastingsringen har i sommar likevel registrert at kommersielle aktørar har freista å undergrave truverdet til denne rapporten og ynskjer å utfordre posisjonen statskanalen har. Difor trur me at NRK gjer rett i å posisjonere seg i mediebiletet ved å satse på mangfaldet. Kringkastingsringen heiar på ein sterk og mangfaldig allmennkringkastar!



VIL BLI STØRRE: – Me er over hundre medlemmer no, men eg er ganske sikker på at det er råd å bli fleire, seier Olav Helge Øwre, leiar i Lærarmållaget.

Foto: Ingar Arnøy

– Det er noko anna når lærarar kan møtast for å snakka om sams utfordringar og kombinera det med målsak. Eg trur mange av dei lærarane som er medlemmer i Mållaget, er passive, og då kunne dette vore ein måte å auka engasjementet på. Det vil bli ein målfellesskap og ein fagfellesskap.

Her kan me gjera oss god nytte av den teknologiske utviklinga og sosiale medium. Då har ikkje den geografiske avstanden så mykje å seia lenger, seier Øwre, som også ber på ein større draum.

– Gitt at me greier å verva mange nok, så hadde det vore fantastisk å få til lokale lærarmål-

lag. Då kunne me ha vore som eit fylkesmållag, med avgreiningar over heile landet, gjerne ned på skulenivå. Det er eg sikkert på hadde gjort oss mykje sterkare og gjort det trivelegare å vera med, seier Øwre.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no

full sving

læring som gjev dei språkleg sjølvtilitt.

– Nynorskelevar har bruk for å møte meir nynorsk i norskfaget og skulen generelt. Dei må få ei språk- og skriveopplæring som tek utgangspunkt i nynorsk og språklege utfordringar knytt til det, inkludert praktiske grep for å hanskast med mindretalsutfordringar. Og ikkje minst må dei få støtte og anerkjenning for at språket deira er verdifullt.

– *Korleis skal ein oppnå det?*

– Det mest sjølvsgade er at læreplanen må presisera at den grunnleggjande lese- og skriveopplæringa skal vera på hovudmålet. Det kan synast sjølvsgadt, men introduksjonen av digitale verkøy syner at slik er det ikkje i praksis. Samstundes kan ein ved å gjera nokre kompetansemål ulike for nynorskelevar og bokmålslevar synleggjere opp-

læringsbehova til nynorskelevar meir i læreplanen. Det meiner me i nemnda vil vera nyttig for lærarane si planlegging av undervisninga, fortel Juuhl.

– *Dette med ulike kompetansemål er ørlite kontroversielt.*

– Me trur at det mest undervisningsstyrande i læreplanen er kompetansemåla. Difor har me lagt vekt på å synleggjere nynorskelevarane her. Dette er ei ganske varsam differensiering, men det er å innføra eit nytt prinsipp i læreplanen – nemleg at ikkje alt skal gjelda for alle, difor er det ei større endring enn det ser ut som. Me trur at dette er ein betre idé enn ein heilt eigen læreplan for nynorskelevarane, fordi veldig mange delar av faget er så integrerte på tvers av skriftspråk. Me ser dette som eit framlegg som både tek vare på det som er felles og synleggjer

det som er og bør vera ulikt. Men dette er det jo opp til styret å styre diskutera ferdig.

Verre på ungdomsskulen


Dette skiljet er verre å få til i ungdomsskulen, der vilkåra for nynorskelevarane straks er mykje verre. Der har ikkje elevane rett på undervisning på sitt eige hovudmål, og det finst heller ikkje nokon regel om at nynorsk-elevane kan samlast i eigne undervisningsgrupper.

– Difor må endringane koma i opplæringslova fyrst. Her oppfatar me også at me er i tråd med arbeidsprogrammet, der punkta som gjeld ungdomsskule og vidaregåande, gjeld regulering over læreplannivå, seier Juuhl.

Nemnda skal møtast no i september, og jamleg utover hausten.

HEGE LOTHE
hege.lothe@nm.no


Nynorske bøker frå SNØFUGL




Einar Bardal fortel om folket på ein trøndergard på 1700-talet. Innberanna, vakker og klok, er midtpunktet i handlinga. Ho blir sett på prøve meir enn ein gong. Innb. 320,-



Klimakrisa har reist radikalt nye spørsmål til framtidig landbrukspolitikk. Reidar Almås drøftar i denne høgtaktuelle boka korleis norske bønder skal tilpasse seg klimaendringane. Innb. 350,-



Ola Stemshaug har tatt for seg hjorten i norsk natur og kultur. Boka er kjelde til kunnskap om kor verdfull hjorten har vore for bygdesamfunna. Innb. 300,-



Eigil Steinsfjord skriv om kontakt over aldersgap, om truskar, skam, løyndom og om å møte sin gryande alderdom. Innb. kr. 280,-



Reidar Almås, pioner i bygdeforskning, har skrivne desse boka, ein brannfakkel i norsk landbrukspolitisk debatt. Utg. 2016, innb. 350,-




Om Olav Gullvåg, bokmann og bladmenn. Han skreiv Spelet om Heilag Olav, og gjekk i fengsel for målsaka. Eivind Hasle er forfattar av boka. Innb. 350,-



Gunnar Stavdal rydder etter far sin, soknepresten. I kveldinga kjem han over papir som gjer at han gløymmer alt anna. Innb. 320,-



Falkberget gjorde ein stor samfunnsinnsats ved sida av forfatterskapen. Anders Sakrisvoll tar for seg hjelpesmannen og politikaren. Innb. kr. 200,-



Dette er Torleif Andersen's andre diktsamling. Han hentar inspirasjon frå natur, havet og historia. Innb. 250,-



Eg er songen om det spilte: kjettaren, døgenikten, kujonen, forfaren, likesæla, den ovelegne, skriv Torgeir L. Bilstad som intro til denne romanen. Boka kom i 2010. Innb. 280,-. Tilbod no kr. 100,-



Anders Sakrisvoll fortel interessant om Falkbergets kone, mor og svigermor og korleis dei påverka forfattaren. Innb. 200,-



Knut Kjøk la sjela si i arbeidet med målførearven i Garmo og Vårdalen. I sommar kom boka på 399 sider. Innb. 400,-



Ein mann blir pensjonist. Det er tid for å sjå tilbake, men også framover. Sigurd Birkelund tar opp spørsmål som trengjer seg på ved denne milepælen. Boka er på nynorsk, trass i tittelen «Å leve i nuet». Utg. 1999, innb. 180,-. Tilbod kr. 70,-



Snøfugl forlag har i 50 år gitt ut mange titlar på nynorsk. Du kan tinge bøker frå oss på epost: snoefugl@online.no – på tlf 72 87 24 11 eller frå nettsidene våre: www.snoefugl.no. Du kan og tinge i brev til Snøfugl forlag, boks 95, 7221 Melhus.

Bed du om bøker for meir enn 500 kroner blir dei sendt deg fraktfritt.

Nynorsk administrasjon på alle vidaregåande skular. Nynorsk i all kommunikasjon på Bybanen i Bergen og all annan offentleg transport.

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Rettar ryggen

I LØPET AV eit halvt år har fylkestinget i Hordaland gjort to omfattande vedtak som skjerpar rutinane for nynorskbruk i fylket. Det har fylkespolitikar Aud Karin Oen (SV) ein stor del av æra for.

– Det var i november, då eg fekk sakspapira til fylkesutvalet, at eg la merke til saka, seier Aud Karin Oen, gruppeleiar i Hordaland SV.

– Eg sa til meg sjølv at her var det ei sak der me kunne prøva å få til noko. Saka ho snakkar om, er ei tilsynelatande enkel namngjevingssak som gjaldt tre nye vidaregåande skular i Hordaland. Ved nærare augesyn kunne ein nemleg leggja merke til noko litt spesielt: I den nynorskadministrerte fylkeskommunen var det foreslått at to av dei nye skulane skulle ha den nynorske nemninga vidaregåande skule, medan den siste var presentert med bokmålsversjonen vidaregåande skole i namnet. Korleis kunne det ha seg at ein fylkeskommune som administrerer dei vidaregåande skulane sine på nynorsk, ville gje bokmålsnamn til ein av dei nye skulane sine?

Det spørsmålet var det Oen stilte seg. Ho visste frå før at fleire av skulane i Bergen allereie hadde namn på bokmål, og lurte på om det var riktig at det skulle vera slik.

Samarbeid

– Eg tenkte at dersom me gjorde ein liten jobb for å nøsta opp i samanhengen rundt dette, kunne me kan henda klara å laga ei større sak rundt dette namnevalet. Kan henda kunne me få til ein ny praksis som sømer seg betre i ein nynorsk fylkeskommune, fortel Oen. – Og då høvde det svært bra at Hordaland Mållag også var på ballen.

I samarbeid med frivillige i fylkeslaget gjekk Oen i gang med å prøva å koma til botnen i kvifor

namngjevingsskikken for vidaregåande skular i Bergen var annleis enn i resten av fylkeskommunen, og til sist enda ein med å finna ut at det verken fanst avtalar eller vedtak som låg til grunn for dette. Mest truleg var det snakk om ein gamal vane som hadde, som det er med vanar flest, synt seg å vera vond å venda. Og slikt er nyttig ammunisjon for den som vil ha merksemd rundt ei sak.

Mållaget utstyrte difor alle partigruppene i fylkestinget med den kunnskapen ein hadde grave opp, og Oen og SV delte informasjon om kva framlegg dei ville fremja i fylkestinget. Til sist klarte dei såleis å dra i land ei fleirtalssemje: Bokmålsnamn på vidaregåande skular høyrer ikkje heime i ein nynorsk fylkeskommune, og dimes måtte den nye skulen på Tertnes i Bergen vera ein vidaregåande skule. I tillegg fekk forslagsstillarane også tilslutnad kring eit ekstra forslag om at fylkestinget måtte få opp ei prinsipp-sak om språkbruk i fylkeskommunen generelt. Då låg vegen klar for ein arbeidssam vår for både SV-gruppeleiaren og mållaget.

Stramma opp regelverket

I midten av juni var prinsipp-saka klar til handsaming. Og trass i tilråding frå fylkesadministrativt hald om å venta med å ta avgjerder kring språkbrukspraksis til ein skal i gang med regionsamslåingsprosessen med Sogn og fjordane, vart også denne saka ein suksess for nynorsken sine vener i fylkestinget i Hordaland. Saman med Venstre og Raudt, la SV også denne gongen fram eit alternativt forslag til vedtak. Dei føreslo at ein så raskt som råd skulle stramma inn regelverket, mellom anna ved at det fylkeskommunale transportselskapet Skyss skal nytta

Nynorsk-skrivande oslofolk

OSLO MÅLLAG ARRANGERTE i juni MålBar med temaet «Oslofolk som skriv nynorsk». Gjestene som var inviterte: Oddrun Grønvik, språkforskar ved Universitetet i Oslo og m.a. tidlegare redaktør for Norsk Ordbok, Jens Kihl, journalist i Klassekampen og nestleiar i Noregs Mållag, Karl Peder Mork, musikkstudent og tidlegare leiar i Norsk Målungdom

Ordstyrar var Ellen Hellebo-stad Toft, leiar for Oslo mållag og seniorrådgjevar i Språkrådet. Ho er oppvaksen i Bærum og la sjølv om til nynorsk ein dag i 2007.

Kvar av gjestene heldt ei innleiing om eigen bakgrunn og deira veg til nynorsken. Grønvik fortalde om ein oppvekst med språkmedvitne foreldre. Mor hennar Einfrid Perstølen, som døydd i fjor, er mellom anna kjend for å få inn Noreg-namnet på frimerke og pengesetlar.

Dei to andre paneldeltakarane, Jens Kihl, oppvaksen på Ullevål, og Karl Peder Mork, oppvaksen i Holmenkollen, fortalde begge at dei vart med i elevmållaget ved Oslo Katedralskole før dei la om til nynorsk. Kihl fortalde at han i motsetnad til Oddrun ikkje kom frå ein heim der nynorsk var naturleg, og at han i utgangspunktet berre melde seg inn i elevmållaget som ei veneteneste. Deretter balla det på seg i slik grad at han til slutt skjønna det ikkje gjekk an å sjå seg attende.

På spørsmål om i kva grad nynorskbrukarar slår meir opp i ordbøker enn bokmålsbrukarar, svara Kihl at han i sitt arbeid som journalist slo opp mange gonger for dagen, truleg oftare enn bokmålsbrukarane, men mest for å sjekka at han hadde rett, noko som oftast var tilfelle. Likevel får han stundom sinte e-postar om språket, og ikkje berre om språkfeil. Så kanskje bokmålsbrukarar slepp unna med meir.

Mork på si side fortalde at han vart meir språkmedviten etter eit opphald i Berlin, der han mellom anna opplevde at dialektbruk møtte motstand og ikkje var sjølsagt slik som i Noreg. Det var fyrst etter dette at han vart engasjert og la om målforma og til dels dialekta.

I spørsmålsrunden var møte-lyden dessutan innom fleire andre tema, mellom anna bruk av nynorsk som opplæringspråk for innvandrarak og nynorsk i teikneseriar. Ut frå kveldens innhald kan ein litt uvitskapeleg konkludera med at det gjerne er slumpetreff som fører til at oslofolk skriv nynorsk, men meir forskning er naudsynt.

MADS Y. RAGE



NYNORSK PÅ BYBANEN: – At mållaget heile tida var der med faktaopplysningar og gode argument, var til god hjelp for oss, seier Aud Karin Oen.

Foto: Hordaland Fylkeskommune og IngolfBLN / Flickr

nynorsk i Bergen på same måte som elles i fylket, at alle fylkeskommunale vidaregåande skular skal administrerast og marknadsføra seg på nynorsk (sjølv i språknøytrale kommunar som Bergen) og at alle tekstar som fylkeskommunen betalar eksterne tekstprodusentar for, også bør leverast på nynorsk.

– Me skal inn saman med ein fylkeskommune som heldigvis er mykje strengare enn oss på dette. Då bør me skjerpa oss allereie no, sa forslagsstillar Oen frå talarstolen. Og med stønad frå KrF, Ap, Sp og MDG vart alle desse punkta vedtekne. I ettertid vart det rapportert om spontane jubelrop frå bakarst i salen.

– At mållaget heile tida var der med faktaopplysningar og gode argument, var til god hjelp for oss, seier Oen om gangen i saka. – De gjer lurt i å fylgja med og ta kontakt

med oss politikarar når de oppdagar saker der nynorsktilhøve er aktuelle.

Jubel og applaus

Ho fortel vidare at ofte er det slik at ting modnast hjå politikarane. Når forslag kjem på bordet i politiske utval, har ikkje representantane alltid fått tid til å tenka over kva dei meiner om saka. Dersom ein vil vera med på å påverka prosessen fram mot eit endeleg vedtak om noko, er det viktig ikkje å gje seg før saka er komen heilt i mål. Ver aktiv, finn fram til relevant informasjon og argumentasjonslister og ha ein open dialog med partigruppene, er rådet frå den erfarne fylkespolitikaren. God informasjonsflyt er ofte avgjerande, meiner ho.

Jubelen bak i fylkestingsalen i juni vitna om politikarar som var glade for å få noko att for å ha stått på for ei sak.

– Eg er veldig nøgd med resultatet, seier den nynorskengasjerte Oen.

– Det var utruleg kjekt å få vera med på dette. Ho meiner desse sakene verkeleg har sett nynorsken på dagsordenen på ein heilt ny måte i fylket. Nynorsksaka har vorte meir synleg, og gangen fram mot vedtaka har vore med på å få fram administrativ språkbruk som ei viktig sak i seg sjølv.

– Det skal ikkje vera slik at ein tenker det ikkje er så farleg om ein kallar ein skule for vidaregåande eller vidaregående, at det ikkje er så farleg om det er litt bokmål her og litt nynorsk her, held Oen fram. – Har ein fyrst gjort eit vedtak om administrasjonsspråk, så skal ein fylgja det. I Hordaland har me valt å bruka nynorsk, og då skal me bruka det. Det er ei sak det er verdt å kjempa for.

LIVE HAVRO BJØRNSTAD
live.bjornstad@nm.no



SPLEISELAG: I alt 700 bøker vart delte ut til avgangselevane på dei vidaregåande skulane i Sunnfjord. I kvar bok låg ei helsing til elevane både frå Sogn og Fjordane mållag, Naustdal mållag, Førde mållag, Jølster mållag og Selja Forlag. Frå venstre Arne Kleiva (Naustdal mållag), Anne Britt Fedøy (Selja Forlag), Norunn Ulvedal (Førde mållag) og Ingrid Søyland (Jølster mållag).

Gav 700 bøker til elevane

– Reis ut i verda, men hald på dialekta di og nynorsken – og kom gjerne heim til slutt.

DET VAR OPPFORDRINGA frå Sogn og Fjordane mållag, Førde mållag, Jølster mållag, Naustdal mållag og Selja Forlag, då dei delte ut «Ete fysst. 18 forteljingar om Sunnfjord» til alle dei 700 avgangselevane på Dale vgs, Hafstad vgs, Mo og Øyrane vgs og Flora vgs.

– Vi håpar at same kvar du hamnar, så vil du hugse kvar du kom i frå. Vi håpar også at du tek vare på den vakre dialekta di og at du brukar nynorsk som skriftspråk, sjølv om kollegaene på ein framtidig arbeidsplass gjer noko anna, skriv Sogn og Fjordane mållag, Naustdal mållag, Jølster mållag, Førde mållag og Selja Forlag i helsinga som ligg ved bokgåva.

Boka *Ete fysst* er eit resultat av at 18 forfattarar og skribentar fekk stikkordet «Sunnfjord» og vart utfordra til å skrive ein personleg tekst. Bidragstatarane kjem frå Sunnfjord, har flytta til Sunnfjord eller kjenner seg på ulikt vis knytte til distriktet. Nokre av røystene er nye, andre er prislønte og har skrive bøker nok til å fylle ei bokhylle på eiga hand. Dei 18 er: Gunnar Garfors, Heidi Hattestein, Terje

Hellesen, Agnete Haaland, Marita Liabø, Idun Losnegård, Eldrid Lunden, Vidar Nupen, Hans Sande, Katrine Sele, Gunnar Staalesen, Rune Timberlid, Jorunn Torsheim, Fridtjov Urdal, Maria Tryti Vennerød, Sissel Værøyvik, Ole Johannes Øvretveit og Ronny Brede Aase.

– Skal nynorsk overleve som målform, er det viktig med gode ambassadørar. De som er unge og skal ut i verda, er dei beste ambassadørane vi kan få, sa leiar i Sogn og Fjordane mållag, Hallstein Dvergsdal til elevane på Hafstad vgs som introduksjon til bokgåva. Han peika også på det presset nynorsk kjempar mot frå alle kanter, ikkje minst frå sosiale medium.

Elevane fekk også helsing frå ein av forfattarane, Ronny Brede Aase, ei ung og prislønt radiostemme, som har vist at dialekt og nynorsk ikkje er noko hinder for å lukkast.

– Uansett kor og kva du skal, sørg for å nyte det så hardt du klarar. Og sørg for å skryte av kor du kjem frå. Der ute i den store verda er Sunnfjord ganske eksklusive saker. Tol at dei nye venene dine seier «hæ?» når du pratar den vakre dialekta di i starten. Dei må berre få utvide horisonten sin, og taklar det kjempebra etter kvart, skriv Brede Aase, betre kjend som P3 Ronny, til elevane.

PRESSEMELDING

Nettside skal re

Numedal mållag lanserte si innhaldsrike dialekt-nettside i sommar. Dei meiner det er eit pilot-prosjekt som andre kan få nytte av.

– **OPPHAVLEG VAR IDEEN** å skrive bok og ha fast spalte i lokalavisa, fortel Gunhild Torsrud, ein av dei gamle travarane i lokallaget. Lagsleiar Sigrun Heimdal medgjev at det i staden vart satsa på nettet for mellom anna å nå dei unge. – Grunntanken vår er at nettsida Numedalsmål (www.numedals-mal.no) skal dokumentere, formidle og fremje bruk av og kunnskap om numedalsdialektane. Om me klarar å gjera det på eit litt ungdommeleg og friskt vis, så har me kanskje gjort noko rett, seier Sigrun.

Profesjonelt skreddarsydd

Ei nettside kan vera så mangt. I utgangspunktet kan heilt enkle sider lagast gratis, og det fanst allereie norske dialektsider med meir heimelaga preg. Numedal mållag ville få laga ei profesjonelt utvikla nettside der funksjonaliteten og estetikken gjorde sida morosam å bruke og fin å sjå på. Forma skulle tilpassast innhaldet og ikkje omvendt. Det dyraste å få laga var den digitale ordboka – delt på ulike bygder – med avanserte bla- og søkjefunksjonar.

Ein kulturhistorisk skatt

Nettsida har ein ordbokdel der du kan søkje både på fritext, ordklasse og tema. Alle einskilde ord har forklaring og ei dømesetning som viser bruken. Til dei einskilde orda vil det ofte vera lydfil for å vise uttale, og ein kan finne foto, lengre forklaringar, grammatikalsk bøyingsskjema og nettlenker. I tillegg har sida artikkel om dialektane, og tekst, lyd og video av det tradisjonelle talemålet. Laget har ambisjonar om å utvikle pedagogiske verkty som kan nyttast i skuleverket. Innhaldet på sida skal halde fram med å vekse.

Tilbyd nettsida til andre lag

Medan styret har lagt ned mykje arbeid på å skrive pengesøknadar, finne forma på innhaldet og setje nettsida ut i livet, er det lokale arbeidsgrupper for kvar bygd som jamleg møtest for å fylle ordboka med innhald. I tillegg til stor dugnadsinnsats, var det økonomisk sett i fyrste rekkje støtte frå Buskerud mållag og numedalskommunane som gjorde prosjektet mogleg. – I starten freista me å få Noregs Mållag aktivt med på å utvikle dialektnettsida som eit pilot-prosjekt. Det ville dei ikkje, så me tok på oss oppgåva sjølv. No vonar me at arbeidet kan koma andre til gode. Mål- og dialektlag som måtte vera interesserte, kan godt få kjøpe nettsida «rein» og fylle henne med innhald for eiga bygd eller fylke, reklamerer Gunhild Torsrud, – og det til ein rimeleg pris. Me likar å samle ord, ikkje pengar.

Måltilhøva i Numedal

Lokallaget har kring 50 medlemmar. Sjølv om den siste nynorske skulekrinsen i dalen vart nedlagd for fleire år sidan, er nynorsken framleis ei viktig sak for laget. Mellom anna har det vore halde nynorsk kurs for sidemållærarar. I det siste har likevel dialekten stått mest i fokus. – Diverre er det ikkje mange unge som held på målet, seier Sigrun, – men me gjev ikkje opp kampen enno. Sjølv er ho ein av fire aktive medlemmar i 30-åra. Det vart fullt i det vesle lokalet i Rollag den 27. juli i år då nettsida skulle opnast. Sylfest Lomheim kasta glans over tilstellinga, og den lokale spelemannen, Even Tråen, underheldt 132 gjester. Dialekt er eit populært tema både for bygde- og hyttefolk.

Språkprofessor Alexander Seippel budde i dalen i periodar 1891–1907. Desse orda hans finn ein nærast som eit valspråk på dialektnettsida: «Den som hev so godt eit maal som Numedalsmaalet og so vrakar det og tek bymaalet i staden, han vil eg likne med ei jente som hev ervt ei ven gamal sylgje etter mor si, og so byter ho burt fyr ei massingbrosje med ein uekte stein i.»

Dei som måtte ynskje meir informasjon for å starte likande prosjekt, kan kontakte Numedal mållag på: post@numedalsmal.no

BJØRN OLE HOVDA
bjoern.ole.hovda@gmail.com



KUNNGJER: Harald Runde ropar ut Aud Kibsgaard som vinnar i Naustdal.

dde dialekten



Da går se' vel te itte kvert

«**DOMMEN**» FRÅ FOLK i Naustdal i Sunnfjord av det typiske «Naustdalsuttrykket» står fast: *Da går se' vel te itte kvert* –!

Under bygdedagen i Naustdal – Sandensundagen – siste sundagen i august, hadde også **Naustdal Mållag** stand. Vi medverka med to oppgaver: Ein ordleik (kviss) og ei liste over typiske uttrykk frå daglegtalet i bygda. Ordleiken vart dømd til å vere vanskeleg: Men Aud Kibsgaard hadde likevel elleve rette av tolv spørsmål, ikkje verst!

Mållaget hadde også forslag til eit rottekte «Naustdalsuttrykk». Her stemde heile tredjeparten av deltakarane for *Da går se' vel te itte kvert* –. Loddtrekking måtte til, og Joar Stegane vart vinnar.

Premie var den nye boka frå Samlaget, «*Ein driftig djevel i Bergen*», om målmannen, avisredaktøren og grunnleggjaren av nynorsk forlagsverksemd, Mons Litleré. Mons var naustedøl og tok til med boksar og bokutgjeving i tilknytning til handelsverksemda til faren. Han vart så henta til Bergen som redaktør og tok med forlagsverksemda.

Mons døydde tidleg, men rakk å gje ut kring 115 bøker, der 80 av desse var på landsmål.

Mållaget takkar Aud J. Baardsen, Vigdis Ness og Jens Vestheim for gode forslag til oppgaver, ord og uttrykk!

HARALD JARL RUNDE
Naustdal Mållag

ET LANGEI RUNGT

NYTT MÅLLAG I

MOSS! Heile 15 personar kom og vart med på skipingsmøtet til **Moss Mållag**. På møtet var det fleire som var på sitt aller fyrste mållagsmøte. Det var Noregs Mållag og Østfold Mållag som tok initiativ til skipingsmøtet på Moss bibliotek. Det første styret er på plass fram til årsmøtet neste år. Fremst sit den første leiaren av Moss Mållag, Trygve Hansen




Foto: Magne Aasbrenn

Eidem. Bak frå venstre står Magnus Bernhardsen, Tom Rikard Ostad, Gro Carlsen og Anders Ericson.

FOSSETUR I VALDRES: Nord-Aurdal Mållag og Etnedal Mållag inviterte til «fossetur» til Lundebrue og Hellefossen i Etnedal på seinsommaren. Torodd Lybeck som har skrive boka 222 fossar i Valdres, var turleiari. Han fortalde om mellom anna Lundebrue, elva og Hellefossen. Ved Lundebrue var det pause. Då hadde turdeltakarane med seg niste og drakk kaffi saman.

STAND PÅ RANDABERG: Ein laurdag i august stod **Stavanger Mållag** på stand i Randaberg sentrum. Dei delte ut *Dag og Tid* og vart tekne godt i mot.

PANELSAMTALE OM NYNORSK DIGITAL OPPVEKST:

Korleis skal ungane lære seg å skrive nynorsk når alt på iPaden dei får på skulen, er på bokmål? Det spørsmålet stilte **Volda Mållag** saman med **Høgskulen i Volda** og **Allkunne** i ei panelsamtale i høve Forskingsdagane. Direktør i Språkrådet Åse Wetås deltok i panelet saman med førsteamanuensis Gudrun Kløve Juuhl på Høgskulen i Volda og leiar i Volda Mållag, lærar Øyvind Festø og oppvekstsjef i Volda Per Ivar Kongsvik.

TELEMARK MÅLLAG STARTAR FORLAG: I haust trykker **Telemark Forlag** opp att ei bok som heiter *Ljos og kraft til alle heimar* som handlar om krafthistoria til Vest-Telemark. Deretter gjev dei ut ei ny bok om skrift på låvevegger: *Folkekunst, tidtrøytte eller magi* skriven av Åsta Østmoe Kostveit frå Vinje.

PÅ TUR MED DALANE MÅLLAG: I september inviterer **Dalane Mållag** på tur i fotspora til **Ole Gabriel Ueland**. Turen starta på Heskestad gamle kyrkjegard. Her vart han gravlagd i 1870. Han kom inn på Stortinget i 1833, 33 år gammal, og sidan vart han attvald til alle storting så lenge han levde. På Stortinget vart han førar for bøndene og arbeidde for å styrkja folkestyret. Ole Gabriel Ueland var fyrste ordføraren i Heskestad, han var lensmann, klokkar og omgangsskulelærar, og sjølvsagt bonde.

SAMLING FOR UNGE VAKSNE: I starten av september var det samling av unge vaksne i Oslo. Styret inviterte unge vaksne målfolk frå 25 til og med 40 år til å kome til Oslo for ha det kjekt i lag, byggje kunnskap og for å drøfte målpolitikk og strategi. Det vart ei triveleg samling. Somme hadde ikkje vore med på mållagsmøte før, medan andre hadde vore veldig aktive i **Norsk Målungdom**. Nokre var allereie aktive i eit lokallag, medan andre ynskta å bli aktive i eit mållag.

STAND PÅ SANDANE-DAGANE: **Gloppen Mållag** følgde tradisjonen og stod på stand på Sandane-dagane. I år debuterte dei med ny standsdisk og flagg.

VIL LAGE LAG I FITJAR: I Fitjar kommune i Hordaland har Noregs Mållag ikkje lokallag i dag. Det vil lokale målfolk gjerne noko med. No er det kalla inn til **oppskipingsmøte måndag 1. oktober** klokka 19 på Fitjar seniorsenter ved Fitjar kultur og idrettsbygg.

Kastar seg ut i det

Debuterer med barnebok gitt ut på både nynorsk og bokmål – og på eige forlag.

– **DET ER EI** barnebok til rein underhaldning. Ho har ingen peikefinger, og lite underliggjande moral. Det er artig for ungane og vonleg også for dei vaksne, fortel debutant Pia Lise Selnes.

Til dagleg arbeider Selnes som tekstforfattar i eit reklamebyrå i Trondheim, og ho har lang erfaring med å skriva historier, både for born og vaksne. For nokre år sidan starta ho på ein historisk roman som kravde mykje førearbeid, og som tok tid å bli ferdig med. Då fyrsteutkastet endeleg var ferdig skrive, fekk ho lyst til å skriva noko heilt anna. Ut kom historia om Esmeralda Storeblom.

Esmeralda er ei mor som berre kan telja til tolv. Difor trur ho at ho har tolv born, sjølv om ho eigentleg har tretten. Ho er ein ivrig heklar med ei utprega evne til å hekla seg ut av vanskelege situasjonar. Pappa Storeblom er tubalærer, og ungane og alle på skulen må spela tuba. Dei er makk lei, men stemninga snur når dei blir inviterte til å spela i Amerika. Problemet er at det er Esmeralda som skal tinga billett.

– Ein av manuskonsulentane mine samanlikna boka med Kurt-bøkene til Erlend Loe. Smigrande sjølv sagt, men ho snakka truleg meir om stilen enn om kvaliteten, seier Selnes.

Då ho var ferdig med boka om Esmeralda, sende ho henne til fleire forlag. Trass i positive tilbakemeldingar, stoppa det opp. Ein dag sa mannen hennar, nærast på fleip, at ho burde setje boka om til nynorsk og senda henne til Samlaget. Ho tok han på alvor og kontakta fleire forlag som gjev ut bøger på nynorsk. Men dei ville ikkje vera med på å gje ut boka også på bokmål.

– Etter som manuset alt eksisterte på bokmål, tykte eg det var meningslaust om eg skulle få det



VIL NÅ UT: – Det viktigaste for meg, som urutinert forleggjar og debutant, er å få gitt ut boka og nå ut til så mange lesarar som råd, seier Pia Lise Selnes.

Foto: Samarkand

omsett til nynorsk og ikkje samstundes gje det ut på bokmål, som trass alt er mi eiga målform, fortel Selnes.

I mellomtida hadde ho fått kontakt med folk som gjev ut bøger på eige forlag, og ideen kom om å gje ut boka på eige forlag. Då kunne ho gjera akkurat som ho ville.

– Så eg må nok innrømme at det med ei nynorskutgåve var meir tilfeldig enn viktig. Men då ideen fyrst kom, klarte eg ikkje å sleppa han. Med ein ektemann som ivra veldig for nynorsk, og ein kollega som sette meg i kontakt med Åsmund Forfang for omsetjing, kjende eg at ting ramla på plass av seg sjølv. Det viktigaste for meg, som urutinert forleggjar og debutant, er å få gitt ut boka og nå ut til så mange lesarar som råd. Håpet er at ei parallellutgåve kan hjelpa til med det. Om eg lukkast, kjem sjølv sagt også bok to og tre til å bli sette om. Fortenesta ville heilt klart vore større om eg berre valde eitt språk, men etter kvart har dette blitt til min eigen vesle «gimmick», og eit ørlite spark til dei etablerte forlaga.

– *Blir du nervøs av å gjera dette for eiga rekning?*

– Det einaste eg framleis er nervøs for, er om folk likar boka eller ikkje. Sjølv om eg har hatt testlesarar og fått hjelp av manuskonsulentar, så slepp ikkje redsla taket. Eg kunne kanskje tenkt litt meir på økonomi og inntening, men eg er komfortabel med at dette i verste fall går med eit dundrande underskot. Ikkje spelar eg golf heller, så eg har råd til ein liten «hobby» som kanskje kan bli til noko meir på sikt, seier Selnes.

Ho har alt skrive bok nummer to, der alle ungane skal få eit husdyr kvar. Og i bok nummer tre, som Selnes så vidt har kome i gang med, får pappa Storeblom problem då ein naboskule startar med å læra alle ungane å spela trompet.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no



Tubakrisa
av Pia Lise Selnes
Samarkand 2018

Ljoset inn-vertes ljuset

Morten Søberg har halde nynorsken opp mot ljuset og leita etter eit vassmerke.

I MANGE ÅR har tweed-industrien på Ytre Hebridane i Skottland hatt ei godkjenningssordning for kva som kan reknast som skikkeleg Harris Tweed. I lovreglane frå 1993 heiter det mellom anna at tweeden må vera voven for hand heime hjå nokon som bur på øya, av ull som er spunne og farga på Ytre Hebridane. Dette minner om krava som finst både til champagne, som må produserast i Champagne-Ardenne og til feta-ost, der mjølka må koma frå nokre få område i Hellas.

Dette er sjølv sagt gjort for at varene ikkje skal bli erstatta av rimelegare alternativ. Det ville likevel vore fánytt om ein ikkje kunne ha argumentert for at tweeden, vinen og osten får nokre heilt sær-eigne eigenskapar ved å bli produserte nett der og på den måten.

Utan å jamføra meir med varehandelen er nynorsk også i ein liknande situasjon. Om ein berre ser på den praktiske nytta av eit språk, så vil det vera enkelt å seia at det er meningslaust å halda seg med to såpass like språk her til lands. Men om ein vel å sjå på kva som særmerker språket, så vil ein fort finna at det har eigenskapar som gjer det unikt.

Det er desse eigenskapane Morten Søberg jaktar på i det nye essayet sitt, *Nynorskens lys*. Det har vore eit drøymeprojekt.

– Eg ville på sett og vis ikkje at skrivinga skulle gå over, fortel Søberg.

– Eg har ikkje sett fram mot å setja punktum. Det har gjort meg godt å tenkja gjennom kvifor eg sjølv skriv nynorsk, og det har vore

forfriskande å finna metaforar som kunne illustrera poenga mine. Det handlar om ulike former for ljus, og vassmerke – men dette må lesast, seier han.

Nynorsken er essayistisk

Det er med eit essay han leitar, og det er i essayet han finn svar. Sjangeren er særmerkt av ein tydeleg avsendar som utforskar og spør, utan å koma med bastante svar. Ofte freistar forfattaren å utfordra vedtekne sanningar; løysa og lysa opp eitkvart.

– Om du kjøper denne definisjonen av essay som sjanger, så er det fort å sjå likskapen mellom den nynorske skriftkulturen og essayet, seier Søberg.

– Det er i essayet den nynorske skriftkulturen møter seg sjølv. Denne skriftkulturen er gjen-nomsyra av tydelege subjekt, av granskningar, reiser og utprøvande samtalar. Sjølv den fyrste nynorske teksten Aasen hadde på trykk i Morgenbladet, var ein samtale mellom to bønder. Samtalen er der, undersøkinga er der og folkeopplysinga. Gode essay har også ein politisk brodd, det handlar om samfunnsutvikling. På same måte har nynorsken vore heilt avhengig av politikk, lovgjeving, løyvingar, innstillingar, tilrådingar og vedtak. Om du så å seia held den nynorske skriftkulturen opp mot ljuset, så kan du sjå eit vassmerke: essayistisk språk, klåre subjekt, opposisjon, politikk og samfunnssak. Om du ser slik, er det ei forlokkande kopling mellom ein bestemt sjanger og denne skriftkulturen.

– *Men bortsett frå dei som går på vidaregåande, er det ganske få av oss som held på med essayskriving.*

– For mange er nynorsk konvensjonelt og daglegdags. Sjølv sagt – det seier seg sjølv. Men det ligg også føre som eit val, eit språk djupast sett forma og prega av ferdaminne, folkestyre, forsøk, munnhell og ordtak, politikk og utprøvingar. Skriv du nynorsk som vaksen, så kjem ein ikkje unna at ein meiner noko med det. Det er ein særmerkt norsk skriftkultur som har nokre ibuande eigenskapar, som skil seg frå bokmålet. Å sjå til er det nærast identiske språk, men det er berre toppen av isfjellet. Den dag i dag har nynorsken noko kjetterisk ved seg. Det er ein skriftkultur som gjen-nom «sin blotte eksistens» syner at det finst alternative sanningar, andre typar erfaringar, som kjem til uttrykk gjennom eit språk som står i opposisjon til fleirtalssynet på kva som er norsk, og korleis ein skriv norsk. Boka er eit forsøk på å bera



Nynorskens lys
av Morten Søberg
Samlaget 2018

Fjellgard-klassikar i ny utgåve

HALVOR FLODEN SI skildring om fjellgarden han vaks opp på, er endeleg råd å få tak i.

«Det er ikkje tanken at denne utgreinga skal vera ei bok til utgjeving. Men eg tenkjer at det kan ha noko å seia at eg gir ei nokoleis utførleg skildring av miljøet eg vaks opp i. (...) Ei utførleg skildring av livet og arbeidet på garden i min barndom kan med tida få kulturell interesse, og det er difor eg etlar meg til å bruke nokre vinterdagar til å feste noko om det på papiret.»

Dette skreiv Halvor Flo-den berre nokre månader før han døydde i 1956. Lite visste han kor rett tenkt det var. Skildringa av livet i Kvan-bekksetra fekk ein stor plass i *Historien om Norge* av Karsten Alnæs, som eit levande bilete på overgangen frå naturhushald til industriell tidsalder. Sjølve gardsdrifta tek naturlegvis mest plass, men boka har også eigne kapittel om bakst, veving, barnestell og julefeiring. Så sjølv om boka stort sett er ei nøktern skildring av kvardag og helg, så skin det gjennom at ho er skriven av ein forfatter. Slik sett handlar boka vel så mykje om folka som levde på garden, som om korleis dei dreiv han.

Boka kom endeleg ut i 1968, men har lenge vore vanskeleg å få tak i. No har Bjørn Skåret og vesle Fregn Forlag i Trysil gitt henne ut på ny. Den nye utgåva er rikt utstyrt med teikningar og fotografi. Boka har fått eit etterord av kunstnar Finn Moen som vitjar garden gjennom akvarellar og tekst. Nyutgjevinga er støtta av Østby og Trysil kommune.

KH



Ein fjellgard
av Halvor Floden
Fregn Forlag 2018



MANGFALDIG: – Om du held den nynorske skriftkulturen opp mot ljuset, så kan du sjå eit vassmerke: essayistisk språk, klåre subjekt, opposisjon, politikk og samfunnssak, seier Morten Søberg.

Foto: Kjartan Helleve

til torgs ein argumentasjon om at slik er det.

– Men kunne ein like godt ha skrive noko liknande om bokmål? Eg veit fleire glitrande essayistar som held seg med det språket.

– Eg trur det ville ha vore veldig vanskeleg å skriva noko liknande om bokmål. Min fyrste tanke at det ville vera godt gjort. Du har ikkje den same demokratiske innfallsvinkelen, alle desse føremennene, du har ikkje stortingsvedtak som i same grad lyser opp mange år etterpå. Som t.d. at den fyrste lova skriven på nynorsk, innførte ei ny tidrekning her til lands. Du har ikkje den same saga om korleis språket vart til, med rastlaus reising gjennom tiår etter tiår, samtalar og avlytting, utforsking mellom folk flest og den folkeleg eliten. Det er heilt ulik historie. Eg ville i alle fall ha slite med å skriva noko liknande om den

bokmålske skriftkulturen. Eg måtte sannsynlegvis ha dikta i staden for å skriva sakprosa.

Eit spegelbilete

– Med ein slik definisjon, så kan ein godt skjønna kvifor nynorsk høver godt til essay, men òg til lyrikk, som er ei anna form for personleg utprøving. Men nynorsk har også rykte på seg for å vera eit godt lovspråk. Det høver vel ikkje så godt?

– Jo, det gjer det. Noreg og Island har det beste lovspråket i heile Europa. Ein viktig grunn i Noreg er striden mellom bokmål og nynorsk. Det har gitt eit meir aktivt språk, fleire verb og færre substantiv. Denne tevlinga har ført mykje godt med seg. Men det handlar djupast sett om at det folkelege alternativet har kome til uttrykk, at det overrisla språkutviklinga. Det syner også att i lovene.

– Om me held oss til at eit essay etter definisjonen skal løysa opp sanningar, kva er det du vil løysa opp?

– Det som særmerker nynorsk, blir ikkje snakka nok om. Kvifor finst det ikkje ei lov om den nynorske skriftkulturen, som definerer kva det er snakk om og som vernar språket som intellektuell eigedom? Det kunne ha medverka til å forklara kva me til sjuande og sist snakkar om. Eg har vanskeleg for å sjå at ein kan koma utanom dette. Det som slo meg, var at koplinga mellom essayet og nynorsken var så openberr, og sjølvsaagt. Det er eit spegelbilete, og eg meiner det bør vera ein del av det nynorske sjølvbiletet. Nynorsken er etter alle solemerke ein essayistisk skriftkultur – med eit underlys som stig opp frå reiser, samtalar og tekstar gjennom snart hundrevis av år.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no



La språket gå i arv Gje ei testamentarisk gåve

Ei testamentarisk gåve til Noregs Mållag vil styrkje oss og gjere oss i stand til å arbeide endå meir for at nynorsken skal ha gode vilkår i samfunnet.

Noregs Mållag har arbeidd for å få flest mogleg til å velje nynorsk og for at det skal vere enkelt å vere nynorskbrukar sidan 1906. Vi er det språklege interessefellesskapet, både for medlemene våre og for andre nynorskbrukarar. Arbeidet vårt femner vidt, og målsetnaden vår er alltid at nynorsken skal kome styrkt ut.

Det er mange gode grunnar til å skrive eit testamente. Testamentet gjer ynska dine tydelege for dei etterlatne, og det gjev til dømes deg høve til å inkludere gode føremål som du ynskjer å stø. Ei gåve frå ditt testamente kan vere med å gje di hjertesak støtte inn i framtida.

- Vi har stor respekt for den tilliten du viser oss gjennom å gje oss ei testamentarisk gåve.
- Vi er takknemlege for alle gåver, og vi forsikrar at gåver gjevne som arv blir brukte i tråd med ønska dine. Du vel sjølv om du vil stø arbeidet vårt ålment, eller om du ynskjer å stø heilt konkrete arbeidsfelt eller prosjekt.
- Vi rår deg til å ta kontakt med ein advokat dersom du ynskjer å setje opp eit testamente. Då er du sikker på at alle omsyn du ynskjer å ta, kjem med, og at dokumentet blir riktig og gyldig.
- Du kan endre testamentet ditt når som helst, berre du gjer det formelt riktig.

Ynskjer du meir informasjon om dette, ta kontakt med: dagleg leiar Gro Morken Endresen på telefon 23 00 29 37 eller e-post: gro.morken@nm.no

Nynorsk lit

I vår kom **Nynorsk litteraturhistorie** for første gong ut i bokform. No blir forteljinga om den nynorske skjønnlitteraturen fritt tilgjengeleg på nettet.

Torsdag 23. august vart den nye digitale satsinga lansert i Telemark. Etter lanseringa kan kven som helst klikka seg inn på det digitale oppslagsverket Allkunne.no og finna artiklar om nynorsk litteraturhistorie frå 1850 til 2015.

Publiseringa er eit samarbeid mellom Nynorsk kultursentrum, som driv Allkunne.no, Det Norske Samlaget og forfattaren Jan Inge Sørbo som har skrive storverket om nynorsk litteraturhistorie.

Verket til Sørbo er på heile 600 sider, men i den digitale utgåva er stoffet korta ned og lagt til rette for nettbrukarar.

– Vi har redigert om verket til åtte periodeartiklar med tilhøyrande illustrasjonar, kvissar og tidslinjer, slik at det er gjort om til artiklar som står for seg sjølv, seier redaktør Per Magnus Finnanger Sandsmark i Allkunne til Nynorsk pressekontor.


900 nynorskforfattarar

I tillegg har Allkunne fått nyskrive over 900 biografier om forfattarar som har gjeve ut litteratur på nynorsk.

– Noko har lege på allkunne.no frå før, men alt er oppdatert, og mykje av dette er nyskrive. Det betyr at det no er tilgjengeleg informasjon om ei rekkje diktarar som det ikkje fanst slik informa-

sjon om tidlegare, seier Finnanger Sandsmark.

Til saman inneheld det nynorske oppslagsverket no informasjon om 900 skjønnlitterære forfattarar som har gjeve ut bøker på nynorsk eller dialekt. Spennvidda er stor både når det gjeld geografisk spreing og litterære sjangrar. Forfattarane som er omtalte, kjem frå alle dei 18 fylka i landet og har skrive alt frå essay, dikt og drama til biletbøker, viser, romanar, noveller og forteljingar.



Framtida junior på opplæringsturné

FRAMTIDA JUNIOR SKAL ut på turné på Vestlandet for å lære opp fleire juniorjournalistar.


Turneen er finansiert med støtte frå Sparebanken Vest, som no har løyvd 100.000 kroner til satsinga på nynorskavis for barn.

– *Framtida junior* har som mål å gjere det kjekt å lese nyheiter for barn på nynorsk, og vi søker no etter barn som vil vere juniorjournalistar i redaksjonen vår, og skular som vil ha besøk av oss, seier

redaktør Svein Olav B. Langåker i Framtida.no.

Framtida junior finst på både nett og papir, og over 50.000 brukarar har vore innoom nett-avisa sidan starten i fjor haust. Bak nettavisa står Landssamanlutninga av nynorskkommunar (LNK), Framtida.no og ABC Start-siden. Papiravisa gir Framtida.no ut i samarbeid med lokalavisene Hallingdølen, Hordaland, Os og Fusaposten, Sogn Avis og Sunnhordland. (NPK)

Litteraturhistorie på nett



STOLT OG GLAD:
Allkunne-redaktør Per Magnus Finnanger Sandmark er stolt og glad over at sentrale delar av den nynorske litteraturhistoria no blir fritt tilgjengeleg på Allkunne.no. Han håpar det skal føra til at endå fleire får auge opp for det store mangfaldet i nynorsk litteratur.

Foto: Laila Walseth Lid / Nynorsk kultursentrum



DØROPNAR:
Professor i nynorsk skriftkultur, Jan Inge Sørbo, har skrive den første nynorske litteraturhistoria. No blir sentrale delar av verket fritt tilgjengeleg på nettet.

Foto: Margunn Sundfjord / NPK

Satsar på nye generasjonar

Det er ikkje utan grunn at lanse-ringa er lagt til to vidaregåande skular. Å gjera nynorske forfattarar meir kjende i skulen er ei prioritert oppgåve.

– Vi meiner at ein for liten del av dei nynorske forfattarane blir presentert i skulen, seier Finnanger Sandmark.

Han peikar på at det finst nynorske forfattarar som har skrive i så og seia alle sjangrar og i alle tidsepokar

frå 1850 og fram til i dag.

– Det å kunna syna fram gode nynorskdøme på ulike trendar i europeisk og internasjonal litteratur er viktig. For å gjera informasjonen meir tilgjengeleg for skulebruk, har vi arbeid bevisst med korleis materialet blir presentert og har mellom anna brukt kvissar, illustrasjonar, tidslinjer og fleire døme enn vi elles brukar å gjera.

Seinare i haust vil Allkunne gjera fleire framstøyt mot vidaregåande

skular for å informera om det nye tilbodet. Allkunne-redaktøren håpar det vil føra til at fleire får auge opp for det store mangfaldet som er og har vore i nynorsk litteratur.

Tre nynorsk-jubileum

Den digitale storsatsinga fell saman med at Det Norske Samlaget fyller 150 år, Allkunne 10 år og Nynorsk kultursentrum 25 år.

– Då passa det godt med ei slik storsatsing, seier Finnanger Sands-

mark, som frå november overtek som ny direktør for Nynorsk kultursentrum.

Redaktøren er svært glad for at Det Norske Samlaget og Jan Inge Sørbo har gjeve Allkunne løyve til å bruka tekstane og materialet til Sørbo, og for at Fritt Ord, Kulturdepartementet og Sparebanken Vest har støtta prosjektet økonomisk.

MARGUNN SUNDFJORD
NPK



Ottar Grepstad.

Foto: Bjørn Ivar Voll / NPK

Kongen tok imot nynorsk-riddaren Ottar Grepstad

AVTROPPEANDE DIREKTØR FOR

Nynorsk kultursentrum, Ottar Grepstad, var tidlegare i haust på audiens hjå kongen på Slottet.

Grepstad blei i sommar Rid-dar av 1. klasse av St. Olavs orden. Tildelinga av ordenen skjedde under Dei nynorske festspela i Hovdebygda i juni. No var tida kommen for ein audiens med kong Harald i Oslo.

Det var ein godt nøgd Ottar Grepstad som hadde teke turen til hovudstaden for audiensen.

– Me snakka om språk, verds-historie og løysing av kulturelle konflikter utan vald, som er eit prosjekt eg skal inn i no, seier han etter møtet.

Direktøren for Nynorsk kultursentrum er takksam for høvet til å fortelje om kva dei held på med, og om korleis dei hadde tenkt om oppbygginga av institusjonen.

– Når me no skal feire 25 års jubileum i Nynorsk kultursentrum om ein månad, er det mange som har gjort ein enorm

jobb med å få til ting. Det snakka me litt om, fortel Grepstad.

– Så fortalde eg om dei gongane kongefamilien har vore i Aasen-tunet. Men eg gløymde å nemne at den sitjande monarken aldri har vore der, seier han lat-termild og legg til at det er litt rart å fortelje ein så aktiv konge at han sjølv skal gi seg.

1. november går Ottar Grepstad av med pensjon. Per Magnus Sandmark tek over som direktør i Nynorsk kultursentrum. (NPK)

– Det står visst «nynorsk» i panna mi, seier Magni Øvrebotten.

Faneberaren

EIGENTLEG SKULLE DETTE intervjuet handla om alt arbeidet Magni Øvrebotten har lagt ned for distriktkontora, om tida i *Gula Tidend* og *Nationen*, Valgerd Svarstad Haugland og alt anna som gjorde henne fortent til å få Målprisen 2018 på landsmøtet i vår. Slik gjekk det ikkje. For dagen før vi møttest, var i ho på møte i Kringkastingsrådet og presenterte NRK Nynorsk mediesenter. Dei hadde mangfald oppe som sak, og Øvrebotten fekk saman med NRK Sápmi og NRK FleRe høve til å presentera arbeidet sitt og svara på eventuelle spørsmål.

– Det vart for lita tid til det viktigaste, seier Øvrebotten.

– Eg hoppa vilt i manuset mitt slik at det skulle verta tid til spørsmål frå medlemmane i rådet, men det vart det knapt tid til. Synd, sidan det ofte er i slike ordskifte dei viktigaste poenga kjem fram. Men det var kjekt å bli invitert. Eg har vore på møte i rådet tidlegare òg, men det er fyrste gongen eg har fått presentert arbeidet vårt slik.

Ivrige eldsjeler

– *Kvifor kjem dette opp no?*

– Eg trur at utgangspunktet var at dei ville snakka om korleis det blir arbeidd med det fleirkulturelle i NRK, både saker og rekruttering. Men så fekk både Sápmi og vi koma inn under same punktet, vi var alle døme på mangfaldet i NRK. Det er viktig at NRK trekkjer fram dei felte vi er nærast åleine om å dekkja. Det vil styrkja NRK og syna kor viktige vi er både for språka våre og mangfaldet.

– *Sett frå utsida, får ein stundom inntrykk av at nynorsken i NRK blir sikra av nokre få, men ivrige eldsjeler.*

– Ja, slik har det nok vore, og mange kunne vore nemnde. Eg føler av og til at det står nynorsk i panna mi. Når dei ser meg, kjem dei brått på noko om nynorsk, som dei skulle ha gjort for lenge sidan. Det er eit framsteg kvar gong nokon tek tak på eiga hand. Men det er mykje

FAKTA

✎ Fødd 1954

✎ Journalist og redaktør frå 1971–2004.

✎ Leiar for NRK Nynorsk mediesenter sidan dei starta opp i 2004.

✎ Mottakar av Målprisen 2018 frå Noregs Mållag på landsmøtet i vår.

ein leiar skal tenkja på; dei skal rekruttera fleirkulturelle, «digitale spydspissar», historieforteljarar, osv. Sjølv om dei har få/ingen nynorskbrukarar i redaksjonen, er ikkje nynorsk det fyrste dei tenkjer på. Då er vi avhengige av folk som masar om dette.

– *Og det gjer du?*

– Ja, det ser eg som ein del av jobben min. Sist eg reiste rundt og snakka for ulike redaksjonar i NRK, var tittelen på føredraget mitt «Vekk meg når Magni er ferdig.» Det sitatet fekk eg opp i hendene av ein tidlegare redaktørkollega i NRK, som hadde høyrte meg snakka om nynorsk utruleg mange gonger. Så på eit møte i avdelinga hans, der eg skulle snakka om kor viktig det var med nynorsk i NRK, heiv han seg ned i beste lenestolen og sa akkurat det. Austlendingane forstod ikkje at eg ikkje vart fornærma, men eg var stålande nøgd med å få ein steikjande god tittel med fleire botnar. For det er jo litt slik. Dei som ikkje er interesserte i, eller har sine fordommar mot nynorsk, dei lét att øyra og «søv» når slike som meg snakkar.

Håpar på betring

– *Men NRK har jo kome med ein eigen språkplan for nynorsk?*

– Det har vore eit stort framsteg å få ein språksjef, og Ragnhild Bjørge og språkstyret i NRK skal ha ære for den gode språkplanen. Han



er langsiktig, og om ein fekk heile organisasjonen til å ta han seriøst, så ville vi bli mindre avhengige av desse eldsjelene du snakkar om. Det er ein draum, men han er vanskeleg å tru på i vaken tilstand. Difor er vi framleis avhengige av språksjefar og andre språkmedvitne, som passar på og seier frå. Eg trur alle tiltak som er i mindretal, har det slik. Ting går ikkje av seg sjølv, og nokon må ta den bora.

– *På møtet i Kringkastingsrådet fekk ein då inntrykk av at leiinga tok dette seriøst?*

– Det trur eg nok, og kringkastingsjefen lovar bot og betring kvart år når Medietilsynet påpeikar for lite nynorsk i rapporten om allmennkringkasting. Eg trur det stoppar opp lenger nede i systemet. Difor er det viktig at vi praktiserer det som står i handlingsplanen for nynorsk i NRK, at det er eit leiaransvar i alle ledd, og at leiarane blir målte på om dei gjer noko. Det høyrer ingen stad heime at NRK P2 i årevis har hatt berre 17 prosent nynorsk, då må det tiltak til for å retta på det.

NRK må henga med på utviklinga

– *På nettsida var ein vel nede i 16 prosent?*

– Dei skifter på med P2 om å ligga lågast. Men på nettet er det ein verkeleg nynorskprosent. Sidan det er skriftleg, får dei ikkje halve dialektpotten å hjelpa seg opp med, slik alle andre plattformer og kanalar i NRK får. NRK generelt, og NRK.no spesielt, må tilsetja fleire nynorskbrukarar – og bokmålsbrukarar som kan nynorsk. Då kan vi få slutt på at nynorskbrukarar skriv bokmål når fleire arbeider med ei sak, underforstått fordi kollegaene ikkje kan skriva nynorsk. Handlingsplanen seier at det er slutt på å skriva om nynorskartiklar til bokmål. Vi må leggja meir vekt på kunnskapar i nynorsk når vi tilset folk i NRK, og læra dei kva ansvar NRK har for dei norske språka. Når vi har rekruttert

Sist eg reiste rundt og snakka for ulike redaksjonar i NRK, var tittelen på føredraget mitt «Vekk meg når Magni er ferdig!»



PÅ JAKT: – Eg leitar alltid etter det openberre talentet i kvart kull, ho/han som berre veit at dei skal bli journalist, kosta kva det kosta vil.

Foto: Kjartan Helleve

alle plattformer. No fer dei helst rundt med ein mobil, som dei både gjer opptak og redigerer med. Vi må heile tida henga med. Difor er det så bra å vera knytt til NRK Sogn og Fjordane, som alltid har vore flinke til å liggja i framkant av utviklinga. Det gjer at vi også er med der.

– Kva status har denne ... kallar du det kurs eller utdanning?

– Eg kallar det NRK Nynorsk mediesenter for opplæring. Eg kallar det ikkje journalistutdanning. Det er eg veldig nøye med.

– Kva status har denne opplæringa? Kva seier dei andre institusjonane?

– Vi merkar ikkje så mykje til det, men møter stundom det argumentet at vi driv med lettvinde greier, når vi brukar eit halvår på det journalistutdanningane brukar 2–3 år på. Opplegget vårt er svært praktisk retta, dei lærer-med-å-gjera-det. Vel dig lite teori og mykje praksis. Dessutan har vi lærarar som er aktive journalistar og heile tida praksis i pulserande redaksjonar. Dessutan kan vi handplukka folk, ofte med gode utdanningar frå andre felt enn journalistikk. Det trengst i dei fleste redaksjonar. Vi tilset ingen utan intervju, språk- og studiotest. Eg leitar alltid etter det openberre talentet i kvart kull, ho/han som berre veit at dei skal bli journalist, kosta kva det kosta vil. Den drivkrafta, kombinert med talent og engasjement, er uslæeleg. Kull 30 er lyst ut med søknadsfrist 15. oktober!!!

Er ærleg

– Du har rykte på deg for å vera flink til å fylgje opp praktikantane.

– Eg legg vekt på å få folk i arbeid, ikkje minst sidan NRK brukar fleire millionar på dette i året. Det er eit eksklusivt opplegg, der vi stiller krav både til studentane og oss sjølve. Når praktikantane skal i praksis, prøver eg å få dei inn i redaksjonar der dei eignar seg best og kan få synt kva dei kan på to månader. I

folk frå VG, Dagbladet, Aftenposten og ulike nettmiljø, så kjem dei frå miljø der nynorsk er mest fråverande, og då er det eit leiaransvar å få dei til å fylgja språkreglane i NRK.

– Skal NRK driva på med ei netta-vis?

– Sjølv sagt skal vi det. NRK må utvikla seg som medieverksemd slik alle andre gjer det. Vi kan ikkje sitja med hendene i fanget og sjå på at alle andre tek i bruk «våre» plattformer som radio og fjernsyn, og berre halda på med det same som vi alltid har gjort. NRK er den store produsenten av norskspråkleg innhald uansett plattform. Vi må henga med i utviklinga og vera der folk – i ulike aldersgrupper – er, mellom anna på nettet. Å svekkja NRK er å svekkja

norskspråkleg innhald, og slik som engelsk grip om seg no, kan snart bokmålet òg ha nytte av røynselene nynorskfolk har med å kjempa for språket sitt.

Må vera fleirmedial

– Korleis har denne utviklinga påverka utdanninga dykkar?

– Heilt sidan starten i 2004 har vi vore fleirmediale. Vi har alltid lært praktikantane nynorsk og journalistikk for nett, radio og fjernsyn, i dei seinare åra også sosiale medium. Det vil alltid vera justeringar av kva vi skal bruka mest tid på. I byrjinga var det mest radio og fjernsyn i opplæringa. Nettet tok meir og meir plass, og skal noko inn, må noko ut. Dei får opplæring og praksis på

NRK er den store produsenten av norskspråkleg innhald. Å svekkja NRK er å svekkja norskspråkleg innhald.

Kr 100,-

VERDI	TAL	VINNARNUMMER
350,-	15	
3000,-	2	
60,-	15	
180,-	15	

**JULE-
KALENDER 2018**

Inntekta frå denne kalenderen går til lokalt og sentralt arbeid for nynorsken. Kvar kalender er med i trekninga om til saman 282 vinstar med ein samla verdi på kr 130 186,-.

**JULE-
MÅLLAG | JULEKALENDER 2018**

bakst, ball, band, barn, basse, bel, bete, blot, bod, bodskap, bok, bokke, bomme, bonde, vin, brev, bror, brus, bygg, brød, bukk, bunde, buske, bygg, bær, bæere, båt, dag, tt, dram, drikk, dugning, dugurd, dyst, eldmæle, engel, etling, evangelium, fagning, fang, e, fisk, flesk, fluge, fonn, framand, fred, fritid, frost, fugle, gadd, galte, gaman, gate, te, gjestnad, gjæv, glans, glede, glumme, gløgg, gran, gras, gratiale, graut, grim, gris, gro, t, gås, gåve, hald, halm, handel, hefte, heilag, helg, horn, hovud, hus, høgtid, jana, kaffi, NDER, kall, kanne, kaup, killing, kjerald, kjerring, kjærast, klapp, klede, klipp, klokke, kone, kopp, korg, korn, kornband, kort, kost, krone, kross, krubbe, kubbe, kult, kuse, e, kveld, kvæn, kål, lag, larv, laug, laupar, laurdag, laus, lefse, leik, leite, lerve, lime, log, ke, malt, mann, maske, mat, matbomme, matte, meny, merke, messe, middag, mjuke, ro, munn, mus, musjon, mole, mølge, måltid, månad, nikk, nek, nepe, nisse, nummer, te, pølse, pengar, petter, pilegrim, reise, platte, preike, prøve, pynte, pål, reisle, ri, ribbe, riv, ro, rogn, rus, ruv, råda, råkast, råte, salat, salt, seng, side, sjau, ei, skit, skite, skjaling, skjekel, skjenk, skjerkje, skjersle, skjor, skoke, skokul, skore, skubbe, skyss, skyting, skål, slage, sleiv, smak, smør, sno, song, sopling, spel, spelleik, sprale, spirle, stallo, staup, steik, stell, sting, stjerne, stol, stong, stove, stratt, strid, stå, ståss, sumar, svein, syster, tafs, tafse, tallerk, tangel, tavle, telle, tentamen, tid, e, torsk, travel, tre, trebakkels, trefest, trefot, tregang, treklype, treknask, trekorg, trefest, tretelle, tretolle, troll, tråd, tråddokke, trefest, trådrein, trådskyting, e, ved, veft, veitsle, vettlo, veke, vekrave, vekeslurv, vekestrie, veketrave, vegg, s, vin, vinter, vipp, visk, vite, vok, voke, vondul, vyrke, yrk, øl, øskje



JULEPETTER*

Me veit at det er lenge til jul. Men skal me kunne marknadsføre den nye **JULEKALENDEREN** vår i tide, så må det bli no. Kalenderen kjem i staden for det tradisjonelle skrapelotteriet. Til liks med lotteri-et, skal inntekta gå til lokalt og nasjonalt målarbeid.

Kvar kalender er med i trekninga om fine vinstar. Så strengt teke er dette eit julekalenderlotteri, men det ordet ligg ikkje så godt på tunga. Men det er altså råd å vinna gåvekort på reiser, pledd, krus og mykje meir. Til saman er det 282 vinstar med ein samla verdi på kr 130 186,-!

Pris pr. kalender er 100,- kroner, og han er like stor som eit A4-ark. I tillegg til sjølve lotteriet vil ein kvar dag kunne lære eit nytt ord. Orda er henta frå *Norsk Ordbok, band V*, (Det Norske Samlaget, 2005).

Har du lyst å tinge ein eller fleire kalendrar, skriv til krambua@nm.no eller ring 23 00 29 30.

Lokallag kan som vanleg selje direkte. Dei vil då sitje att med halvparten av inntekta sjølve.

*ei(n) som går på vitjing fyrste juledag



von om at dei vert sette på som gode nok til å få halda fram, slik at dei får meir mengdetrening og blir utvikla vidare av andre redaksjonar. Eg reiser alltid rundt og vitjar dei i praksisperioden for å finna ut kva som fungerer, og kva som ikkje gjer det. Då snakkar eg både med praktikanten, fad-deren og redaksjonsleiaren. Er det noko som ikkje fungerer, så seier eg i frå, uansett kven det gjeld. I desse samtalan prøver eg å finna ut om det nokon sjanse for om praktikanten kan få halda fram etter praksisperioden. Om så ikkje er tilfelle, og eg meiner at prak-tikanten er nokon NRK kan ha glede av i framtida, så står eg på for å overtyda om det eller finna andre redaksjonar som treng ved-komande sin kompetanse. Eg har vore redaksjonell leiarsidan 1985, og NRK Sogn og Fjordane dreiv med opplæring av nynorskjour-nalistar også før Nynorsk medie-senter kom til i 2004. Det har gitt meg ei stor kontaktflate, som eg prøver å fornya etter beste evne. Eg er ærleg. Eg seier det som det er, også når det gjeld studentane. Eg prøver ikkje å lura redaksjo-nane til å tilsetja folk eg ikkje synest har noko i journalistikken å gjera. Men det er ikkje gjeve at

vi ser kvar dei har talentet sitt etter berre eit halvår.

– Det er om lag 55 prosent av elevane dine som no arbeider i media. Er det skuffande?

– Dei som er gode i prosent-rekning, seier eg må vera nøgd med vel 55 prosent i media av 140 praktikantar. 40 prosent av dei arbeider i NRK, og dei fordeler seg nokså jamt mellom riks- og distriktsredaksjonar. Vi skal lære opp nynorskbrukande journalis-tar til etermedia, men det er ikkje noko nederlag om dei får seg arbeid i TV2, *Nationen*, *Bergens Tidende* eller *Vest-Telemark Blad*. Det er berre flott. Det såre er at nokre av talenta, som sjølv ville satsa på journalistyrket, ikkje fekk det. Dei var på feil plass til feil tid. Det var ikkje noko ledig i redaksjonen akkurat då dei var der, eller kan henda dei kom inn i feil redaksjon. Og hadde det vore fleire leiingar som verkeleg var opptekne av nynorsk, så hadde nok fleire av desse vore journalis-tar i dag.

Diktarsti i Botnane

– Frå nesten utlukkande å vera knytt til Nynorsk mediesenter, så har du brått dukka opp som ein ambassa-dør for Jan Magnus Bruheim.



FRISK OPNING – Det var den dagen då Vår Herre fann ut at han skulle vaska Sunnfjord reint etter ein turr sommar.

Foto: Ingrid Elisabeth Haugen

– Eg har vore ambassadør for han lenge, men du tenkjer på Diktarstien i Botnane?

– Det gjer eg.

– Diktarstien i Botnane, med ti dikt av Jan-Magnus Bruheim, er den einaste grunnen til at eg er på Facebook. Tilfeldigvis var det eg som gjorde at Bruheim flytta til heimbygda mi Botnane.

– Eg intervjuar han som ung journalist, om boka «Gapet». Etter intervjuet spurde han kvar eg kom frå, og eg la ut om Botnane. Han fortalde han at han alltid hadde hatt lyst til å bu ved kysten, og ein sogning hadde lova å skaffa han eit gammalt skulehus å bu i. Då datt det ut av meg at det var eit tomt skulehus heime, som han sikkert kunne få leiga. «Kan du ordna det?» spurde han, og det kunne eg. Han flytte nokre veker etter vi møttest og budde i Botnane frå 1978 til 1985, då han flytte heim att til Skjåk. Han vart «Bruheimen» for alle i bygda og fann seg vel til rette. Eg, og mange med meg, vart glade i han både som menneske og forfattar, og lærde å kjenna diktinga hans.

– Og så vart det diktarsti?

– Då det var 100-årsjubileum for Jan-Magnus i 2014, var eg med i nemnda i Skjåk som førebudde og gjennomførte det, med ny bok



FIN BUKETT: Øvrebotten saman med Oddny Miljeteig og Olaug Nilssen på landsmøtet i Vinje. Foto: Hallstein Dvergdsdal

Diktarstien i Botnane, med ti dikt av Jan-Magnus Bruheim, er den einaste grunnen til at eg er på Facebook.

med Dikt i utval og CD-en *Brevet til kjærleiken* med Sigrid Moldestad. Ho toneset og framfører dikta hans på framifrå vis, og har gjeve diktinga til Jan-Magnus Bruheim ein ny vår. Fleire har fått opp auga for han, også nye generasjonar. I samband med jubileet vart det også laga ein diktarstig i Skjåk. Då slo det meg at det kunne vi laga i Botnane òg. Der kunne vi i større grad knyta dikta til kvar han skreiv dei, og til kva dei handla om. Han kom til Botnane for å oppleve kysten, naturen og folket der, og det er det han skriv om. Eg har brukt Facebook til å masa om pengar til føremålet. Ein sti med ti dikt, fem informasjonsskilt og seks stoppeplassar. Dikta er graverte i stål og bolta til stein, slik at ikkje vinden skal ta dei. Den 18. august i år kunne vi endeleg opna stien.

– Det var litt vått, etter det eg forstår?

– Ja, det var den dagen då Vår Herre fann ut at han skulle vaska Sunnfjord reint etter ein turr sommar. Det var som om sjøen vart til himmel, teltet heldt på å fyka til himmels og flagget rivna. Det var så ille at me berre måtte gjera eit poeng ut av det. For det vart nett desse kontrastane som gjorde at Jan-Magnus vart så begeistra for staden. Han kom frå den turraste bygda i landet

til ei av dei våtaste, og det var ganske tydeleg den dagen. Men denne stien handlar òg om å syna fram Botnane og området rundt, gjennom diktinga til Jan-Magnus Bruheim. Det var veglaust og berre 25 fastbuande då han kom dit i 1978. No er det mellom anna veg til nabobygda Årebrot, og til saman bur det rundt 60 menneske. Jan-Magnus Bruheim var oppteken av at slike bygder måtte overleva i sentraliseringa sin tidsalder. Sjølv søkte han roa og stilla i Botnane, og han var overtydd om at det var noko menneske kom til å trenga til alle tider, som i diktet Gjev meg ei stund med stille, som er eitt av dei du finn på Diktarstien i Botnane (sjå meir www.botnane.no).

*Gjev meg ei stund med stille
Gjev meg ei stund med stille.
Der solblanke, blide
bårør går mot mi kyst.
Lat det bli fred, der dei ville
stormane bryt i mitt bryst.*

*Gjev meg ei stund med stille.
Før meg attende
frå uvør og ilt.
Heim til det mogne og milde.
Lat alt bli stilt.*

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no

Kvifor er ikkje den nynorske skriftkulturen lovfest på tilsvarande vis som **Harris tweed**?

Ferdaminne frå Hebridane

EG TEK MORGONFLYET frå Glasgow og landar berre ein times tid seinare på flyplassen attmed Stornoway, den største byen på Lewis. Der ventar eg på kofferten min i lag med ein løpar: Ein diger statue i tre, ein forstørra kopi av ei sjakkbrikke står og ruvar attmed samlebandet med bagasje. På ein av veggene i tilkomsthallen ser eg ein illustrert artikkel med tittelen «Memories of a Norse Heritage». Det er snakk om 87 sjakkbrikker som vart funne i 1831 i området Uig vest på Lewis. Eit tilhøyrande kart viser vegen dit frå flyplassen teikna inn med ein raud strek. Og: «The Chessmen may have originated in Trondheim, the medieval capital city of Norway, and home to the Norsemen who were the overlords of the Isle of Lewis during the eleventh and twelfth centuries.» Dei siste åra har det vorte laga ei rekke røselege Lewis-brikker i tre som er utplasserte kringom i landskapet. Dei er underfundige referansar til slag og strid, strategi og taktikk. Og skriftkultur? Den såkalla Shannon-konstanten lærer at ordinære sjakkparti kan spelast på minst 10 forskjellige vis. Det talet er astronomisk høgt. Like eins er dei moglege kombinasjonane av bokstavar og teikn på papiret i praksis uendelege, fantastiske.

DUSKREGN. SKIFTANDE SKYLAGE. Stø kurs sørøver. Usynleg til venstre for meg ligg det skotske fastlandet. Bilradioen er stilt inn på frekvensen til BBC Scotland. Eg køyrer i retning Harris akkompagnert av radioaktiv folkemusikk på gælisk. Lewis og Harris vert av og til omtala som øyar i fleirtal. I røynda er dei namna på høvesvis den nordlege og den sørlege luten av ei øy i eintal. Grensa mellom dei er naturleg. Lewis er stort sett flatt land, Harris meir kupert med langt fleire høgdemeter. Den einaste tettstaden på Harris er Tarbert: eit ferjeleie, tronge gater og ein turistvenleg utsalsstad for Harris tweed. Allslags klede frå topp til tå, lommelerker kledde i tweed, toalettvesker, hundestyr, slips sjølvsagt, tweedlommebøker og andre bøker med side opp og side ned om ull, fargar, veving, tradisjonar. Det låg i korta at eg ein gong skulle koma til denne luten av Skottland. Harris

tweed og eg går tiår attende i tid, frå og med studietida i England. Den fyrste tweedjakka mi den gongen var gråfarga. Ho var utstyrt med lysebrune skinnlappar under olbogane, som skreddarsydd for skrivebordsarbeid. Eg har halde meg med slike jakker sidan. Kvardagslege, formelle klede – med eit hint av kommunal sektor? Visstnok er namnordet *herad* det etymologiske opphavet til stadnamnet Harris. Og Lewis går attende til Ljodhus.

EG KJEM TIL kort i Tarbert. Armane mine er for lange, tweedjakkene sit ikkje som dei skal. Dine tek eg opp tråden i Stornoway. Der finn eg fram til ein merkeleg miks av ei grotte, ein labyrint, eit tweedtempel. Her heng jakker ned frå taket som tørrfisk, talglys og høy til tørk. Eg må ha hjelp til å orientera meg i det ordna kaoset, innehavaren fylgjer meg ut i dagslyset for å sjå om tweedjakka passar meg. Rundt rekna 200 pund seinare er handelen avslutta. Vederlagsfritt får eg på kjøpet med meg ei entusiastisk utlegging om Harris tweed, irekna stikkordet lovfesting:

HARRIS TWEED ACT 1993 er ein fascinerande lovtekst. Meininga med lova er å definera Harris tweed og dessutan «promote and maintain the authenticity, standard and reputation of Harris tweed», både i Storbritannia og i resten av verda. Ansvar for dette arbeidet er lagt til eit eige direktorat med hovudsete i Stornoway. Lova gjer klårt at det er tale om å hegna om handfaste, intellektuelle eigedomsrettar: Harris tweed er per definisjon ull, klede, produkt som skal vera «handwoven by the islanders at their homes in the Outer Hebrides, finished in the Outer Hebrides, and made from pure virgin wool dyed and spun in the Outer Hebrides». Samstundes, frå tid til anna, må den definitive forståinga av Harris tweed tilpassast skiftande tider, står det i lova. Det kan for eksempel gjelda fargar, men ikkje dei grunnleggjande geografiske kriteria. Det er som om den juridiske definisjonen av Harris tweed er eit produkt av geografisk fundamentalisme og tidsmessig pragmatisme.

KVIFOR ER IKKJE den nynorske skriftkulturen lovfest på tilsvarande vis som Harris tweed? Som intellektuell, norsk eigedom. Som skrifttufta på samtalar, undersøkingar. Som ein essayistisk skriftkultur, som flyt med tida og dei tilhøyrande endringane som måtte – når tida krev det – ha rettkome krav på aktsemd. Kvifor finst det inga nynorsklov tufta på ein klokkeklår og politisk vedteken definisjon av opphav og særtrekk og klårgjering av ansvar for å hegna om skriftkulturell autentisitet, standard og omdøme? Eg ser føre meg eit kvalitetsmerke i retning av © nynorsk-essay-folkestyre. På Hebridane ligg slike tankar i dagen. Og eg skriv dei ned i det eg får auga på dei.

HARRIS, LEWIS ER stader bortanfor kvardagen. Eg fotograferer med argusaugo, skriv med *Fingerspitzengefühl*, samlar opplysningar på opphavleg nynorsk vis. Til dømes: På eit lite museum i Uig kjøper eg med meg ein artikkel av Magne Oftedal om stadnamn på Lewis. Det er slik eg lærer at Uig er avleidd frå *vik*. Norrøn skrift og tale ser ut til å liggja under brorparten av stadnamna her. Jamvel Stornoway, jamfør Stjernebukt.

UIG LIGG UTANFOR allmannvegen. Fleire gonger freistar eg køyra ned mot sjøen, men eg er for skundsam, endar opp på blindveggar, må prøva på nytt fleire gonger. Endeleg, rett føre parkeringsplassen attmed sandstranda, ser eg endå ein statue av ei Lewis-sjakkbrikke, denne gongen ein konge. Om lag her vart dei originale brikke oppdaga for snart 200 år sidan. I dag har eit fåtal feriemenneske slege leir her. Eg spaserer forbi nokre bålplassar og telt. Det er fjøre og langgrunt. I det fjerne: bylgjer, skum. Omlandet er eigrønt, alle bygningane kvitmåla. Sollyset er skarpt. Utan solbriller må eg heile tida mysa. Eg tenkjer på det eg nyss har lese, på korleis eg skal skriva om det.

JO, ALT I 1832 freista Frederic Madden ved British Museum å gjera greie for dei då nyleg oppdaga sjakkbrikke på Lewis. Korleis ser dei ut? Kvar kom dei inn i det

historiske biletet? Madden skreiv sprenglærd og fengjande. Artikkelen hans – «Historical Remarks on the introduction of the game of Chess into Europe, and on the ancient Chess-men discovered in the Isle of Lewis» – er skriven i skjeringspunktet mellom det leksikalske og det essayistiske. Utsjånaden til dei ymse brikke vert både fortald og teikna. Droningane verkar tenksame, dei kviler andleta på høgare handa. Kongane sit med sverd i fanget. Tårna skil seg mest ut. I dei ser Madden noko nytt, eitkvart ukjent. Enkelte av tårnbrikke er menn som bit i skjolda



Foto: © National Museums Scotland

sine, som stereotype berserkar. Dei er utstyrte med skjold og sverd, og den øvre delen av tanngarden lyser mot oss under ovale augo og spisse hjelmar. I 1873-utgåva av ordboka si definerte Ivar Aasen ein berserk som «en vild og rasende Stridsmand» – med gamalnorsk opphav. Og det er til norrøne kjelder at Madden vender seg når han skal til botnar i saka. Heimskringla, Edda, Snorre: Tilvisingane til den norsk-islandske skriftkulturen kjem som perler på ei snor, medrekna eit sitat frå Hervors saga. Der skal det stå at dei kvite brikkene øydelegg, medan dei svarte forsvarer seg.

ARTIKKELEN TIL MADDEN inneheld òg teikningar av sjakkbønder. Nokre har form som gravsteinar, andre er åttekanta, elegante. Alle vantar andlet. Men det var og er berre bønder som på sjakkbrettet kan forvandla seg og stiga i gradane. Som kjent må ein bonde som kjem seg over brettet, verta springar eller løpar, tårn eller dronning. I regelen vert han det siste; dronninga er som ein løpar og eit tårn i eitt. Kvifor vert bønder ein hende gong til tårn? Svaret er å unngå å setja motstandaren patt. Av og til kan det òg vera taktisk klokt å gjera bonden om til springar. Springarane er dei einaste

brikkene som kan letta frå brettet, hoppa over andre. Og dinest til sida. Eg lurar på om springaren ikkje er den mest essayistiske sjakkbrikka. I alle tilfelle endrar alle slike bondeforvandlingar makta og statusen til dei andletslause fotsoldatane som har klart kunststykket å rykkja heilskinna fram gjennom fiendeland.

ER IKKJE DEN nynorske skriftkulturen også ei form for bondeforvandling? Vi har å gjera med eit bondespråk – eit skriftspråk tufta på talemålet til det dåverande fleirtalet av nordmenn – som mest magisk, på Stortinget i 1885, vart forvandla til eit jamstilt språk i Noreg. I minsto på papiret. Somme av dei leiande nynorske strategane og taktikarane likna på berserkar òg. Ihuga stridsmenn som beit tennene saman og gav alt for målsaka. Før i tida var målet med spelet å setja motstandarane sjakk matt. Nynorsken skulle verta einaste riksmål i landet. No om dagen er det som om den nynorske skriftkulturen spelar med svarte brikker. «Spelet» har noko defensivt over seg.

I SENTRUM AV Stornoway kjem eg over endå ein statue av ei sjakkbrikke. Denne gongen: eit tårn, ein berserk. Eg set meg på ein benk rett attmed medan skyene over meg glid vidare i retning synsranda. Eg kjenner meg som eit skip, stadig tyngre lasta med opplysningar, refleksjonar og skisser. Eg veit kva eg ser etter. Samstundes vert eg overraska når eg ser det: parallelle raude trådar, gode hermeutiske sirkelar og andre nynorske geometriske former. Samstundes denne kjensla ein får på reisefot, av tid som flyg, renn; stader eg neppe ser igjen. Til dømes eit lokalt bryggeri med eigen pub nede ved hamna. Lokalet er funksjonalistisk utan å vera funkis. Der kjøper eg fyrst ein pint med *Berserker export pale ale*. Logoen til ølet viser eit fotografi av ei av sjakkbrikkene der vikingen bit i skjoldet sitt. Brygget er tilsvarande sterkt. Slagordet til etablissementet er heller ikkje ueffent: «Tradition in the Modern Time». Bartenderen kjem frå Lewis, han seier at morsmålet hans er gælisk, at Hebridane framleis er eit slags kjerneområde for det språket.

Somme av dei leiande nynorske strategane og taktikarane likna på berserkar òg. Ihuga stridsmenn som beit tennene saman og gav alt for målsaka. Før i tida var målet med spelet å setja motstandarane sjakk matt.

Sjølv har eg berre sett det på skilt – *names on the road*. Engelsk rår grunnen, og utover kvelden er det flest engelskmenn innom puben med. Ein mann frå Yorkshire var i luftforsvaret her, såg lyset i form av ei innfødd møy og vart verande. Eg spør han om dei britiske ubåtane med atomvåpen, om ikkje dei held til i farvatna her òg? Jau, det hender at dei ser dei, i forbifarten, på veg heim etter å ha vore på tokt.

GENNOM FEMTI ÅR no har britane halde seg med fire slike undervassbåtar. Dei utgjer den avskremmelege forsvarslina deira. Heile tida er ein av dei ute til havs, radiostille, væpna til tennene og klar til å hemna eit åtak på Storbritannia. Med på ferda har kvar ubåt med seg eit brev frå den britiske statsministeren. Sakprosa som ingen enno har lese; berre skivarane veit kva dei har skrive – om kva ubåtkapteinane skal gjera i fall katastrofen har råka landet og dei ikkje får ordre i sanntid om kva dei skal gjera, korleis dei skal respondere. Det er ålment kjent at dei fyrst skal søkja etter teikn på liv, eller rettare fråvær av slike teikn. Alt håp er ute dersom det ikkje er noko radiosamband på militære frekvensar og (hakkert meir kuriøst) uråd å ta inn BBC Radio 4. Då skal kapteinen opna safen om bord, lesa skriftstykket frå statsministeren og omsetja ord til handling. Eit siste sjakktrekk.

UTAN JAMFØRING ELLES: Korleis kan ein vita om det er over og ut med den nynorske skriftkulturen? Kva slags teikn bør ein – eg, du – sjå etter? Sett at det går slik som med norrønt på Hebridane: Ein atonal svanesong avløyst av inkje anna enn etymologi og språkleg dvergmål. Eller tenk at ingen lærer nynorsk rett – i tydinga ei ideologisk innføring i den nynorske skriftkulturen som ei samfunnssak med eit særige kvalitetsmerke. Gudane veit – dette: Nye bondeforvandlingar kan inntreff. Framtida er uskriven.

MORTEN SØBERG

Teksten er eit utdrag frå Morten Søberg: *Nynorskens lys. Eit essay* (Samlaget 2018).



FOR Å UTVIKLE NÆRING MÅ EIN HA KULTUR FOR LÆRING!

I Fjord1 er vi opptekne av å utvikle oss heile tida. Ikkje berre som organisasjon, men òg med tanke på kvar enkelt sin kompetanse. Og ikkje minst treng vi

stadig nye folk til dei mange spennande oppgåvene vi skal løyse på dei norske fjordane. Vi vil gjerne kome i kontakt med deg for å sjå om det kan vere ein

jobb som kunne passe nettopp deg og din kompetanse. Fjord1 er så mykje meir enn berre miljøvennlege ferjer og gode sveler!



VISSTE DU AT ...



... Fjord1 vart kåra til **Årets Opplæringsbedrift** innan maritime fag i 2016

... vi er nominerte i år igjen

... til saman har vi i løpet av eit år om lag **120 opplæringsstillinger** i kortare eller lengre periodar

... **kompetanseområdene** våre spanner frå miljøteknologi, forretningsutvikling, HR og IKT til strategi, catering og økonomi/finans



... Fjord1 er **Noregs største ferjereiarlag** med om lag 1200 tilsette over store delar av Noreg

... i 2017 tilsette vi heile **281 nye medarbeidarar**, derimellom 19 nye i administrasjonen



... vi tilbyr spennande traineestillingar




... vi har til ei kvar tid **60 lærlingar på 35 opplæringsfartøy** i konsernet, fordelt på 35 personar på matrosfaget og 25 personar på motormannfaget



søk ledige stillingar på **fjord1.no** og følg oss på Facebook og Instagram

... for tida har vi **15 kadettar**, der fem av dei er maskinkadettar og ti av dei er dekkkadettar

... framover er det mellom anna **stort behov for maskinistar** på sjø



VÅRE VERDIAR:

STOLTE • OPNE OG ÆRLEGE • PÅLITELEGE • GODT HUMØR • TEAMÅND • LØNSAME

www.fjord1.no

I vinter er det 50 år sidan **Inger Lise Rypdal** skapte furore og begeistring med «Fru Johnsen». Låta er noko av ein milepåle i norsk pophistorie, men ikkje alle verkemiddel i songen har tolt tida si tann like godt.



GIENNOMBROTET: «Fru Johnsen» gjorde Inger Lise Andersen, seinare Rypdal, til ein av dei mest populære artistane utover 70-talet. Her saman med Stein Ingebrigtsen på generalprøva til den norske finalen i Melodi Grand Prix i 1974. Foto: Petter R. Iversen

50 år med høg dobbeltmoral

I AUGUST 1968 fekk den amerikanske countrysongarinna Jeannie C. Riley sin største hit med «Harper Valley PTA». Songen fortel om ei ikkje altfor gamal enke, Mrs. Johnson, som får eit krast brev frå foreldras arbeidsutval (am. parent-teacher association – PTA) på skulen der tenåringdottera hennar går. Utvalet kritiserer, i sterke ordelag, livsstilen hennar, som dei reknar for å vere umoralsk, og meiner at ho er eit dårleg forbilde for dottera. Dei innkallar henne til eit møte. Ho kjem på møtet, ikledd det korte skjortet som var ein av dei spesifikke tinga utvalet hadde kritisert henne for – i seg sjølv eit varsel om at ho ikkje kjem som ein angrande syndar. Straks ho får taletid, leverer ho ein lang toretale der ho konfronterer den eine etter andre av utvalet sine medlemmer med deira synder og skjeller dei ut for å vere hyklarar.

Kva tilsyn?

Det er ei sterk historie, inga tvil om det, og fordi songen også var ein stor suksess både på Billboard og countrylista, tok det ikkje lang tid før nokon fekk ideen om å lage versjonar på andre språk, som vanleg var på den tida – også i Noreg. Terje Mosnes omsette teksten, som blei sunge av Inger Lise Andersen, seinare best kjent som Inger Lise Rypdal. Her vart arbeidsutvalet, eller foreldreutvalet, bytt ut med det meir diffuse Tilsynet For Høg Moral. Eit foreldreutval verka kanskje for prosaisk, for normalt? Nøyaktig kvar Tilsynet får sin tilsynelatande ganske utvida autoritet frå, forklarar songen aldri. Men ut

FAKTA:

- «Fru Johnsen» er ein av Inger Lise Andersen (seinare Rypdal) sine største suksessar
- Låg 16 veker på VG-lista i 1968–69
- Basert på songen Harper Valley PTA, skriven av Tom T. Hall, og spelt inn av Jeannie C. Riley
- Terje Mosnes sette om teksten til norsk.

frå konteksten har det sannsynlegvis opphavet sitt i den lokale og nidskjære meinigheita, som alle bygdas toppfolk ser ut til å tilhøyre. Uansett får dei same skyljebøtta som Harper Valley PTA, og vel så det.

Bråk

I ettertid er det ofte lett å overdrive graden av reelt forbod og sensur som ei kulturytring vart utsett for, og det er også tilfelle med «Fru Johnsen». Men bråk vart det. Mange følte seg krenkte og mange følte seg skulda, rettmessig eller ikkje. Rop om forbod kom nok frå visse hald, sjølv om dei etter kvart drukna i suksessen som det også vart av bråket. Inger Lise, som allereie hadde hatt ein pen liten suksess med «Romeo og Julie» i september 1968, gjekk til topps på

VG-lista med «Fru Johnsen» første adventsveka i same året, og blei der til slutten av januar 1969.

Eit populært forsvar for songen var at «Harper Valley PTA» selde godt i dei amerikanske sørstatane, der folk var minst like gudfryktige som langs fjordane på Vestlandet, utan at det blei bråk. Til dette er det å seie at for det første finst det i den amerikanske versjonen inga verselinje tilsvarande «min skjortekant er nærmere den himmel dere aldri kommer til», så Mosnes la på ein ekstra kontrovers for eiga rekning. Replikken er snedig, men det var å be om i alle fall litt meir bråk enn kva Riley og hennar tekstforfattar, Tom T. Hall, gjorde. I motsetning til Tilsynet truga Harper Valley PTA heller ikkje med å ta dottera frå den modige åleinemora, så litt ekstra drama er lagt på både her og der.

Kvifor nynorsk?

For det andre, og her er me framme med mitt hovudpoeng, gav Riley både Mrs. Johnson, dottera hennar og utvalet same aksent, nemleg hennar eigen texanske. Forteljinga om kontroversen rundt songen har ein tendens til å ignorere at det var mange som følte seg ramma, ikkje av skuldingane om hykleri, men ei nedlatande aust mot vest-haldning som kjem til uttrykk i songen. For kvifor snakkar Fru Johnsen eigentleg bokmål, mens Tilsynet snakkar nynorsk? Som om hykleri og dømmesjuka er meir typisk for vestlendingar og målfolk. Med ei veldig lett omskriving kunne Fru Johnsen i det minste blitt ei enkefrue, som i originalen, så kunne ein med

litt fantasi gått ut frå at Fru Johnsen hadde flytta til denne staden heilt inst inne i ein fjord for å vere med sin seinare avlidne mann. Rett nok hadde det ikkje forklart kvifor dottera også snakka bokmål, og målbruken hadde framleis vore ein distraksjon frå den eigentlege budskapen.

Nye utgåver

Første gongen eg fekk høyre ein versjon av «Fru Johnsen», og før eg visste at Inger Lise Rypdal sin versjon eksisterte ein gong, var då eg såg ein dramatisert versjon av songen på ein kristenruss-revy i Haugesund tidleg på 90-talet. Den fungerte mykje betre enn den meir kjende listetoppversjonen, og det er lett å peike på grunnen: Alle dei medverkande hadde same dialekten. Konflikten vart meir organisk på den måten. Fokuset på bokmål mot nynorsk og aust mot vest, som uunngåeleg pressar seg på i 1968-versjonen, forsvinn.

Heldigvis har seinare generasjonar sett svakheita ved teksten, og tillate seg å rette opp i den. Og ikkje berre kristenrussen i Haugesund: I 2015 spelte OnkP inn ein ny versjon (med ein modernisert og delvis omskriven tekst) av låta til «Hver gang Vi Møtes». Her har Tilsynet (som er blitt Tilsynet For Høy Moral) same dialekt som Fru Johnsen. Sjølv eksistensen av ei foreining som Tilsynet, anten moralen deira er høg eller høy, er framleis kunstig – ein karikatur. Men den sentrale budskapen om dømmesjuka og dobbeltmoral er intakt.

TROND SÄTRE

Olga Meyer (1930–2018)

DET VAR MED stor sorg Noregs Mållag tok imot meldinga om at Olga Meyer er død. Gjennom kjærleik til målet og hug for målreisinga har Olga Meyer brukt livet sitt for nynorsken. På landsmøtet i Bergen 27. juli 2000 vart Olga Meyer utnemnd til heidersmedlem i Noregs Mållag.

Olga Meyer vart fødd i Fana 8. august 1930. Ho arbeidde nokre år som lærar i heimbygda og i Oslo, og ho tok eksamen ved Volda lærarskule i 1967. Hausten 1968 byrja ho på opplæringskurset i NRK og i 1969 vart ho tilsett i NRK Radio. Der arbeidde ho i samfunnsavdelinga frå 1969–93 og i Oslo-redaksjonen i P1 1993–2000. Ho har òg vore salongjente i norsk utanriksfart.

I over 30 år vart røysta til Olga kjend for heile folket gjennom radioen. Olga gav nynorsken eit andlet og ei røyst. I radioen var Olga med i redaksjonane for programma «Kvardagen», «Forbrukaren har ordet», «På direkten», «Sånn er livet», «Ekko» og «Sølvsuper». Frå 1995 til ho slutta i NRK, var ho fast gjest i Nitimen med dyrehistorier sende inn frå lyttarar frå heile landet. Desse sogene var ho òg med på å redigere til fleire dyrebøker som vart svært populære.

Olga Meyer var viktig for nynorsken i NRK. Ho var ein uredd pådrivar for å få fleire nynorskmedarbeidarar i NRK, og kom med stadige påminningar om at jamstillingsomsyn måtte telje med i programsaker og i tilsetjinga av nye folk.

Olga Meyer var oppteken av mange saker og samfunnsspørsmål. Gjennom radioprogramma tok ho opp viktige samfunnsspørsmål med stor iver og eit sterkt engasjement. Sosial urettferd og mistillhøve var støtt saker som Olga presenterte på ein god og kunnskapsrik måte. Vi kan trygt seie at Olga både er eit barn av og sjølv har vore ein grunnstein i den folkeopplysninga NRK var og skulle vere.

OLGA MEYER VAR aktivt med i mållaget i mange tiår. Og støtt har ho takka ja til å ta eit tak, anten det har vore med styreverv eller praktiske arbeidsoppgåver. Olga har sete i styret og arbeidsutvalet i Noregs Mållag og som leiar for Fylkesmållaget Vikværingen. Ho har òg vore med i styret for Dag og Tid og vore leiar for «Venner av Det Norske Teatret».

Det er likevel innsatsen i Mediemållaget Olga mest vil bli hugsa for. Ho var med på å skipe Mediemållaget i 1977, og var leiar i laget frå 1992–94. Ho seier sjølv at dette var ei vanskeleg tid for journalistane i Mediemållaget fordi Noregs Mållag hadde teke standpunkt mot EU, medan journalistane ikkje ville stå fram med noko standpunkt.

Olga Meyer har naturlegvis fyrst og fremst vore



Foto: Karoline Hjort

NT MUNNEORD

oppteken av NRK og nynorsken. Siste store striden ho kasta seg inn i med liv og lyst i 2002, var kampen for å halde på NRK Sogn og Fjordane som eige distriktskontor med redaktøransvar. Det var ei sak som vekte mykje engasjement, og dåverande kulturminister Valgerd Svarstad Haugland gjorde det klårt at NRK Sogn og Fjordane er viktig for nynorsken i NRK. I 2004 vart NRK Nynorsk mediesenter opna i Førde, og distriktskontoret har halde fram med å sikre nynorske røyster og tekst frå NRK.

Olga Meyer tok imot Kringkastingsprisen alt i 1981 og var heidersmedlem både i Fana Mållag og i Oslo Mållag, i tillegg til Noregs Mållag. Noregs Mållag har ei ordning, etter gamalt, der du kan stå som medlem i fleire lag, og det er ei handfull medlemmer som gjer nett det. Olga Meyer var ei

av dei som ynskte å syne aktiv støtte til heile den organiserte målrørsla. Ho stod i heimelaget Fana Mållag i tillegg til bylaget i Oslo der ho budde i heile sitt vaksne liv, og sjølvsgatt Mediemållaget. Som heidersmedlem var Olga på fleire landsmøte i Noregs Mållag, og ho var ein sjølvskreven og entusiastisk gjest då Noregs Mållag feira 100-årsjubileum i 2006. Like til landsmøtet i 2009 var ho ein engasjert deltakar på dei fleste målmøte.

Når vi no minnest Olga Meyer, så er det den energirike, kunnskapsrike kvinna med det gode humøret og ikkje minst dei artige replikkane vi hugsar. Ho var så uhøgtidleg og liketil med både høg og låg, ny og gamal.

Det var uråd ikkje å like og ikkje å bli glad i Olga Meyer. Med innsatsen sin, sitt vinnande vesen og si varme røyst har ho gjeve nynorsken eit andlet og ei røyst og vi skuldar ho ein stor takk.

MAGNE AASBRENN,

Misforstått

NT ORDSKIFTE

HALLVARD HEGNA HAR i innlegget «Ei gledeleg vending» i *Norsk Tidend* 3/2018 mistydd ei opplæringsøving i nynorsk på nettsidene til Språkrådet. Det blir spurt om bøyinga av substantivet sak, og det er tre svaralternativ: hankjønnsbøying (*ein sak – saken – sakar – sakane*), hokjønnsbøying (*ei sak – saka – saker – sakene*) og «begge er rette». Dette vil på ingen måte seia at Språkrådet presenterer begge bøyingmåtene som rette. Om ein vel det første eller tredje alternativet, får ein feil i nettøvinga, og dette kjem fram i fasiten. Tilsvarende gjeld spørsmålet med bruk av *man* og *ein*. Om ein vel *man* eller «begge er rette», blir dette sjølvsgatt feil.

DANIEL GUSFRE IMS,
Seksjonssjef i Språkrådet

Nynorsk og namnegjeving

Å HEGNA OM målet sitt og om ætta si er to sider av same sak. Når du gjev borna dine namn, lyt du kjenne ætta di og kalla dei opp i samsvar med dei.

Far til far min heitte Osmund Knutson. Han var son til Knut Olson Hanås, som var son til Ole Davidson, son til David Olson, son til Ole Davidson, son til David Olson Hanås, som døde i 1735.

Nabogarden til Hanås er Kjetså, og dei to gardane blanda ætt. Eldstegutane fekk namn etter farfaren sin. Nest eldste guten fekk namn etter morfaren sin. Frå Kjetså-folket fekk vi inn namna Knut og Osmund. Men det eigentlege etternamnet tok dei etter garden dei budde på.

NT ORDSKIFTE

Ætta mi flytte ned til Augland i Vågsbygd. Og dermed vart namnet til farfaren min Osmund Knutson Augland.

Men fordanskinga kom inn i kyrkja, og gamal namneskikk vart gløymd. Far min, som skulle vore kalla Knut Osmundson Augland vart i staden registrert i kyrkjeboka som Kristoffer Knutsen, som om han var son av bestefar sin. Diftongar, som i Aukland, vart rekna som av lågare slag. Og Augland vart ofte omgjort til dømes som Ugland.

Sæd og skikk for namngjeving fall bort. Og no

har det vorte ei motesak å gje namn til barna sine. Gamle norske namn som Torgeir og Kjellaug blir erstatta av utanlandske, som ikkje har rot eller meining i norrøn tradisjon.

Innvandrarar derimot held ofte sin arv i hevd, som eksempelvis i Benjamin Ben Levi (Benjamin son av Levi). Dei hegnar om si tru og sin skikk medan vi gløymer vår.

Eg har lagt merke til at nokre norske kvinner kallar seg til dømes Gunnhild Eiriksdotter, eller Siv Ranveigsdotter.

Eg vil tru at vi lyt gjera noko med namnesaka, ei bevisstgjerig som svarar til vernet om målet vårt.

ÅSMUND KNUTSON AUKLAND

Det vert sagt at «ein dag vekke frå Sunnhordland er ein bortkasta dag», men eg kan bekrefte at ei lita veke på sumarleir med **verdas beste ungdomsorganisasjon**, og verdas mest inkluderande miljø, verkeleg er verdt det!



KJEKT PÅ SUMARLEIR: Aksjonering i Kristiansand i strålende sol.

Foto: Anna Sofie Ekland Valvatne

Min fyrste sumarleir

DAGEN VAR ENDELEG komen, og me skulle reisa vekk frå den fagre sumarøya vår, som for ein gongs skuld faktisk hadde funne sumaren. No var det tid for å prøva denne leiren me hadde høyrte so mykje om. Spente var me, men etter landsmøtet visste eg at me kom til å verta møtte med opne armar.

Tunnelar

Her i landet har me nokre fantastiske oppfinningar kalla tunnelar. Dei gjer at me i nokre minutt av gongen vert skåna for alt som heiter natur, slik at me nyt landskapet kring oss endå meir når me kjem ut att. Me tenkjer over kor heldige me er som bur i dette nydelege landet, og bandet mellom menneske og natur vert sterkare – norsk samferdslepolitikk på sitt beste.

Somme tider hender det likevel at ulukker skjer i desse tunnelane, noko som skjedde på vår vesle reise i retning ekvator. Me kom oss likevel til Stavanger etter litt venting, slik at me var fem minutt for seine til toget. Det kunne vore verre tenkte me, og sette oss for å venta. Me slengde oss på ein buss, og me var framme i Søgne til middag.

Etter middagstid var det tid for natursti. Nei, ikkje i skogen, men på skuleplassen. Artige stasjonar involverande chili-eting

og oppfrisking på nynorskkommunar gjorde susen. Ikkje at det er viktig å vinna altso, men det gjorde me.

Teiknspråk

Dagane som kom, inneheldt mange interessante innleiingar. Alt ifrå korleis me skal verva, til kva språklege rettar me har, til lokallagsaktivisme. Me fekk innblikk i korleis ein kan inkludera nynorskbrukarar som har dysleksi eller språkvanskar i språksamfunnet, me fekk læra om blindeskrift, og til og med litt koreansk. Den stiligaste innleiinga tykkjer eg likevel var då me vart kursa i teiknspråk. Teiknspråk synest eg er kjempeinteressant i seg sjølv, men det var veldig lærerikt å sjå kor godt ein kan kommunisera med berre kroppsspråket.

Spel og aksjon

Kvissen eg hadde førebudd, vart teken godt imot, noko som var kjekt for meg, men eg trur dei som tok del i han, hadde det kjekt dei au. Globaliserings-spelet var skøy og synte samstundes fram ulikskapane i verda. Fotball er alltid kjekt, og det var utruleg gøy å ha fotballturnering, og til lagkameratane mine vil eg berre seia: Alle gode ting er blå!

Aksjonering i Kristiansand i

strålende sol var noko eg likte særst godt. Å snakka med folk på gata gjekk betre enn eg hadde forventa, og is var veldig godt i solsteiken.

Melodikappleik

Som ein del av juryen fekk eg ein vanskeleg jobb med å måtta velja mitt favorittinnslag i melodikapleiken. Alle innslaga var fantastisk gode, det må eg berre få sagt! Allsong tykkjer eg alltid er like skøy, særleg når ein har eit slikt flott songhefte. Maten var kjempegod, ikkje berre på festen, men gjennom heile veka.

Laurdagen kom, og det var tid for heimreise. Me fekk ikkje med oss alt den dagen, då me hadde eit tog å rekka. Me pakka oss ferdige, hørde på ei innleiing, og so var det ikkje lenge før me var på togstasjonen. Toget var femti minutt forseinka, men det gjorde absolutt ingen ting. Eg må berre få takka for meg, og seia at eg hadde det superkjekt på sumarleir!

Det vert sagt at «ein dag vekke frå Sunnhordland er ein bortkasta dag», men eg kan bekrefte at ei lita veke på sumarleir med verdas beste ungdomsorganisasjon, og verdas mest inkluderande miljø, verkeleg er verdt det!

ERLING LØKLINGHOLM
LEIVESTAD



FREDRIK HOPE

Leiar i Norsk Målungdom

Språklov for nynorsk kvardag

REGJERINGA HAR VARSLA at det kjem ei ny språklov. Det er ein gigantisk sjanse til å styrkja nynorsken og gjera det lettare å vera nynorskbrukar.

MÅLLOVA ME HAR i dag, sikrar nynorsk og bokmål som jamstilte skriftspråk i Noreg. Men lova er viktigast for veslebrøren nynorsk. Når mållova no skal gå inn i ei ny språklov, må me målfolk vera vakne. Ikkje berre for å berga dagens språkrettar. Me må våga å vera kritiske til mållova. Kva manglar?

EIT STORT HOL i dagens lovverk er at det ikkje finst eit påbod om å greia ut kva konsekvensar politiske framlegg har for nynorsken. Medan dei samiske språka vert nemnde i utgreiingar om alt frå framtidas skule til kommunereforma, vert nynorsken ofte gløymt. Å lovfesta ei utgreiingsplikt vil bøta på dette.

